

# Årsmelding og rekneskap 2005

*Ivar Aasen-tunet*

*Dei Nynorske Festspela*

*www.aasentunet.no*

# *Innhald*

**1. 2005: Gjennombrotet 2**
**2. Prioriteringar 3**
2.1 Mål 3
2.2 Strategi 3
2.3 Viktige uløyste oppgåver 3
**3. Drift 4**
3.1 Resultat 4
3.2 Administrasjon 4
3.3 Vidare drift 5
**4. Disponering av resultat 5**
**5. Rekneskap 6**
Resultatrekneskap 6
Balanse 7
Notar 9
Revisjonsmelding 11
**6. Organisasjon 12**
6.1 Råd 12
6.2 Styre 13
6.3 Administrasjon 13
6.4 Verneombod 14
6.5 Rekneskap og revisjon 14
6.6 Verv og representasjon 14
6.7 Medlemsskapar 14
6.8 Ivar Aasen-instituttet 14
6.9 Andre samarbeidspartnarar og nettverk 14
6.10 Kunstnarleg råd 15
**7. Staden 15**
7.1 Uteområdet 15
7.2 Bygningar og anlegg 15
7.3 Forankring i vertskommunane 15
**8. Dokumentasjon, forsking og formidling 16**
8.1 Arkiv og bibliotek 16
8.2 Samlingar 17
8.3 Innkjøpte kunstverk 17
8.4 Dokumentasjon og forsking 18
8.5 Nynorskbasen 20
8.6 Artikkelarkivet 20
8.7 Publikumssørvis 20
8.8 Foredrag 20
8.9 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet 21
8.10 Andre trykte og elektroniske skrifter 21
8.11 Fagleg representasjon 21
**9. Utstillingar 23**
9.1 Basisutstillinga 23
9.2 Temautstillingar 23
9.3 Forfattarpresentasjonar 23
9.4 Vandreutstillingar 23
9.5 Skuletilbod 24
**10. Arrangement 25**
10.1 Dei Nynorske Festspela 25
10.2 Kulturprogram vår og haust 26
**11. Kafé og butikk 27**
11.1 Kafé og utleige 27
11.2 Butikk 27
**12. www.aasentunet.no 28**
12.1 Besøk og bruk 28
12.2 Nettbiblioteket 29
**13. Informasjon 29**
13.1 Presse og kringkasting 29
13.2 Trykksaker 29
13.3 Annonsering 30
13.4 Reiselivssamarbeid 30
**14. Besøk 30**
14.1 Gjesteprofil 30
14.2 Opningstider 31
14.3 Billettprisar 31
14.4 Billettsystem 3
**15. Økonomi 32**
15.1 Investeringar og drift 32
15.2 Prosjekttilskot 33
15.3 Sponsoravtalar 33
15.4 Samfunnsrekneskap 33
**16. Politikk 34**
16.1 Strategi for ein nasjonal kulturinstitusjon 34
16.2 Årets nynorskbrukar 35
16.3 Kulturpolitisk arbeid 35
16.4 Stabil, men krevjande situasjon 37
16.5 Viktige tendensar 38
16.6 Perspektiv 2013 40

## VEDLEGG

**1. Statistikk 2005 41**
**2. Kulturprogram 2005 42**
**3. Dei Nynorske Festspela 2005 47**
**4. Temautstillingar 2000–2005 53**
**5. Djupedal-samlinga 54**

# *1. 2005: Gjennombrotet*

2005 blei gjennombrotsåret for Nynorsk kultursentrum.

Det mangeårige samarbeidet med Det Norske Samlaget for å realisere planane om Nynorsk digitalt leksikon, gav resultat då eit breitt stortingsfleirtal i desember 2005 løyvde dei første 1,5 mill kroner til eit slikt prosjekt. Også arbeidet med å styrkje bruken av nynorsk på Internett gav resultat, då regjeringa Stoltenberg i *St.meld. nr. 9 (2005–2006) Om målbruk i offentleg teneste* sa klart frå om at det er eit leiaransvar å rydde opp i målbruken på offentlege nettstader innan eit par år.

Eit gjennombrot fekk vi også for elevprogrammet Det undrande språket. Etter utprøving hausten 2004 tinga ei rekkje kommunar i Møre og Romsdal dette programmet for skuleåret 2005–06, og for første gong hadde vi eit heilt årskull av elevar frå dei to vertskommunane på vitjing i Ivar Aasen-tunet. Vi var aktive i 13 kommunar i 2005. Nynorsk kultursentrum er altså blitt ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring.

I *Nynorsk faktabok 2005* la vi fram den mest omfattande statistiske dokumentasjonen av norsk språk som nokon gong har vore laga. Om lag 15 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre. Forfattaren Kjartan Fløgstad fekk prisen *Årets nynorskbrukar 2005*.

Omsetninga gjekk ned med 1 % til 9,8 mill. kr i 2005, og drifta gav eit overskot på 125 976 kr mot eit overskot på 111 000 kr i 2004. I dette ligg det beste resultatet før finansinntekter til no, takk vere målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette, men marginane for drifta er framleis for små.

16 400 personar gjesta tilboda våre, mot 18 800 i 2004. Nær 4000 eller 24 % av desse var barn og unge.

Samlingane utgjorde ved årsskiftet vel 34 200 einingar. Ved utgangen av 2005 var 43 % av samlingane tilfredsstillande registrerte, mot 34 % eit år tidlegare. Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet inneheldt ved årsskiftet nær 3600 artiklar om vel 630 personar, institusjonar og organisasjonar, mot vel 3200 klipp eit år tidlegare. Ved inngangen til 2005 var 2350 dokument tilgjengelege på nettstaden vår. Størst var Nettbiblioteket med over 900 tekstar.

I 2005 laga vi to nye temautstillingar, to nye forfattarpresentasjonar og hadde om lag 55 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Også dette året var det noko nytt i basisutstillinga kvar einaste opningsdag. Fire eldre og nyare temautstillingar blei dette året viste som vandreutstillingar andre stader i landet.

Vi slit framleis med å få ein sunn økonomi i Dei Nynorske Festspela. Omsetninga blei 100 000 kr lågare enn i 2004, og trass i at også kostnadene gjekk noko ned, blei resultatet eit underskot på 96 000 kr, mot eit underskot på 75 000 kr i 2004. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var festspela svært vellukka, med vel 6200 gjester og 220 utøvarar på 47 arrangement.

For kulturprogrammet fall omsetninga med 31 % til 450 000 kr i 2005. Utanom Festspela stod vi for 54 eigne kulturarrangement i 2005, mot 74 året før. Dette var ei styrt endring som innebar at vi hadde færre arrangement i Ivar Aasen-tunet, men like mange andre stader som året før. Om lag 500 utøvarar var involverte i arrangement utanom Festspela.

Statstilskotet til drifta for dette året var akseptabelt, men summen er enno ikkje stor nok til å nå målet om full drift slik dette blei fastsett i *St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 4 (1995–96)* med 11,5 faste stillingar.

Nynorsk kultursentrum skal fylle både ei lokal, ei regional og ei nasjonal rolle. Institusjonen ønskjer å spele ei konstruktiv rolle i abm-samarbeidet, og er blitt viktig både i nasjonale og regionale nettverk. Om lag 70 % av driftsmidlane kjem frå det offentlege. Vi legg stor vekt på å gi mykje tilbake til fellesskapen og vere til nytte for mange.

Frå opninga sommaren 2000 fram til utgangen av 2005 har samlingane av bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar auka frå 14 500 til 34 200. Til saman har vi avvikla over 980 arrangement med vel 4700

utøvarar. I dette ligg også 16 nye, eigenutvikla temautstillingar.

Nynorsk kultursentrum har til no hatt vel 110 000 vanlege gjester og 1 044 000 nettstadgjester. Sidan opninga i 2000 har altså over 1,1 millionar personar nytta tilboda våre.

Som året før var kvart tredje arrangement i 2005 utanfor Ivar Aasen-tunet. På dei fem første driftsåra har Nynorsk kultursentrum vore til stades i heile 46 kommunar i 15 fylke.

Med eit bibliotek på plass og med avslutta arbeid på boka *Viljen til språk*, utgitt februar 2006, er etableringsfasen for Ivar Aasen-tunet definitivt avslutta. Nynorsk kultursentrum går såleis inn i det sjuande driftsåret for tun og nettstad med *endring* som overordna strategi for at vi skal vere endå meir til nytte for publikum i inn- og utland.

# 2. Prioriteringar

### 2.1 Mål

Nynorsk kultursentrum arbeider for tre mål:
1. Gjere det lettare å vere nynorskbrukar
2. Styrkje den kulturelle eigenidentiteten til nynorskbrukarane
3. Skape større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur

### 2.2 Strategi

Strategien vår er at Nynorsk kultursentrum skal vere den institusjonen alle vender seg til som ønskjer informasjon og dokumentasjon av nynorsk språk og skriftkultur, og nytenking om språk- og kulturpolitiske strategiar. Dette inneber at

a) Ivar Aasen-tunet skal vere målet for alle og ein attraktiv stad for publikum som etterspør fagleg baserte tilbod av typen arrangement og utstillingar,
b) Dei Nynorske Festspela skal vere ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfattarane, den gode musikken og dei uventa bileta, og at
c) www.aasentunet.no skal vere den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert digital informasjon om nynorsk skriftkultur.

Måla våre er allment viktige og peikar i retning av nasjonale oppgåver som vi prøver å løyse. Vi har svært vide samarbeidsflater, er ein offentleg aktør som av andre blir oppfatta som truverdig, påliteleg og løysingsorientert, og vi driv ei samla verksemd som er mindre stadbunden enn for mange abm-institusjonar vi kan samanliknast med. Kvart år arrangerer vi ulike publikumstilbod i eit titals kommunar, vi tilbyd kulturprogram og utstillingar til andre arrangørar landet rundt, og vi er motoren i fleire viktige nasjonale nettverk.

Nynorsk kultursentrum legg til grunn at ein nasjonal museumspolitikk treng eit knippe museum som kvar for seg og til saman kan tryggje fagleg kompetanse på nasjonalt nivå. For vår del er dette forankra i dei stortingsdokumenta som låg til grunn for stortingsvedtaket i 1995 om å skipe Ivar Aasen-tunet som eit nasjonalt dokumentasjons- og opplevingssenter.

### 2.3 Viktige uløyste oppgåver

Dei språklege og kulturelle utfordringane kan i prinsippet delast i to: Dei som gjeld heile det norske språksamfunnet (både bokmål og nynorsk), og dei som gjeld nynorsk åleine. Der er fleire trugande utviklingsdrag som rettar seg meir einsidig mot nynorsk, som den veikaste parten i den språkdelte norske kulturen:

- *Marknadsmakt avløyser offentleg styring*, og nynorskbrukarane kjem ofte dårlegare ut når offentlege ordningar blir privatiserte.
- *Sentraliseringa* på dei aller fleste områda i det norske samfunnet fører til at det er bokmålsområda som styrkjer seg på kostnad av nynorskområda, som i større grad er spreidtbygde.
- Det absolutte talet på *elevar med nynorsk som hovudmål i grunnskulen* er stabilt, men prosenttalet har gått ned frå 16,5 i 1990 til 13,9 % i 2005. Sjølv om truleg fleire av desse blir verande nynorskbrukarar lenger enn det som var vanleg før, er dette urovekkjande, for dette er det einaste tydelege negative utviklingstrekket.

- For nynorskens del er det mindre tale om domenetap enn at det er *ein del domene der nynorsk enno ikkje har fått fotfeste*. Innanfor kultursektoren gjeld det sentrale felt som dei største riksavisene, veke- og fagpressa, filmindustrien og det meste av underhaldningsindustrien, særleg den som er retta mot born og unge.
- Så godt som *alle nynorskinstitusjonar er små* og utan tilgang til privat kapital. Dei har dermed dårlege føresetnader for å møte ein situasjon med hardare tevling mot kommersielle bokmålsaktørar på sine felt. Alle tunge nysatsingar i desse institusjonane er avhengige av offentleg finansiering og politisk velvilje.
- Jamleg blir det avdekt at offentlege institusjonar ikkje følgjer *mållova* slik dei pliktar å gjere. Konsekvensen av dette er at nynorsk blir mindre synleg i kvardagen og mindre utvikla som eit allment fagspråk enn det kunne ha vore.

Den nynorske skriftkulturen treng nye tiltak for å tryggje og styrkje sin eigen posisjon. Slike nyvinningar må ikkje gå på kostnad av etablerte institusjonar og ordningar som er velfungerande og som har vist seg å vere føremålstenlege. Både ein del generelle støtteordningar og meir selektive tiltak må haldast oppe og styrkjast, viss det skal gi meining å tale om at begge dei norske skriftspråka skal haldast i hevd.

Nynorsk kultursentrum legg vekt på å ta initiativ som kan prege utviklinga av nynorsk skriftkultur og den praktiske situasjonen for nynorskbrukarane. Mest mogleg av arbeidet blir utført i nær kontakt med andre nynorskinstitusjonar. Vi ser desse oppgåvene som særleg viktige:

1. Nynorsk digitalt leksikon
2. Språkleg jamstelling også innanfor IKT
3. Betre undervisning i nynorsk både som hovudmål og sidemål
4. Lesestimuleringstiltak for barn og unge med nynorsk som hovudmål
5. Auka løyvingar til allmenne støtteordningar som har særs mykje å seie for nynorsk skriftkultur, til dømes pressestøtta

Både det breie stortingsfleirtalet bak dei språkpolitiske hovudlinjene i kulturmeldinga frå 2003, og forpliktande løfte frå regjeringa Stoltenberg i Soria Moria-erklæringa, gir eit godt grunnlag for vidare arbeid med sakene ut frå år 2013 som perspektiv.

Nynorsk kultursentrum er blitt ein institusjon til å rekne med. Då må vi også syte for at vi blir verande ein slik institusjon. Dei forventningane og behova vi møter, gjer det nødvendig å arbeide slik at vi kan tilfredsstille dei auka krava til kvalitet på tenestene og tilboda våre som følgjer av dette.

Det blir også viktig å ta tak i spørsmåla om Nynorsk kultursentrum bør bli ein klart større institusjon, og korleis det eventuelt kan skje.

# 3. Drift

Omsetninga nådde om lag same nivået som i 2004, og resultatet blei forbetra med 14 %. Eigenkapitalen er framleis for liten, og vi arbeider for å byggje opp ein eigenkapital som er stor nok til at vi kan tole dei svingingane drifta vår kan gi over tid.

Forretningsideen til Nynorsk kultursentrum er basert på ei mangslungen verksemd med høg kvalitet som kjennemerke.

Av dei seks rekneskapsavdelingane var det berre administrasjonen som ut med betre resultat enn i 2004.

### 3.1. Resultat

Omsetninga i 2005 var på 9,8 mill. kr mot 10,0 mill. kr året før. Rekneskapen syner eit overskot på 126 000 kr etter finansinntekter, noko betre enn overskotet på 111 000 kr i 2004. Den positive eigenkapitalen er dermed auka til 279 000 kr.

Heller ikkje i 2005 greidde vi å oppnå eit så stort overskot som ønskjeleg og som vi hadde budsjettert med. Marginane for drifta er såleis i minste laget.

### 3.2 Administrasjon

I 2005 hadde vi medarbeidarar tilsette i 10 faste stillingar og engasjementsavtalar med 11 andre medarbeidarar. Desse utførte til saman 12,1 årsverk. Det har ikkje vore nokon skader eller ulykker i meldingsperioden. Det samla sjukefråværet for fast tilsette ut-

gjorde berre 2,0 % av den samla arbeidstida, mot 5,6 % i 2004.

Nynorsk kultursentrum fører ein målretta likestillingspolitikk som gir resultat. Tre av sju styremedlemmer i 2005 var kvinner, og kvinner sat i posisjonane som styreleiar og rådsordførar. I leiargruppa sat det to kvinner og to menn i 2005, og i dei faste stillingane sat det ved utgangen av 2005 seks menn og fire kvinner. Ved nytilsetjing prioriterer Nynorsk kultursentrum formelle og reelle kvalifikasjonar, men vi ser også til at det over tid blir verande eit balansert forhold mellom tal på kvinner og menn i staben.

Verksemda til Nynorsk kultursentrum er i hovudsak vanleg kontordrift, og fell difor innanfor det lova om forureining tillet. Verksemda har ikkje skadd eller påverka det ytre miljøet i 2005. Søppel frå kontordrifta har vore sortert i papir og ikkje-papir, dessutan spesialavfall. Nynorsk kultursentrum har i 2005 ikkje levert produkt som kan skape noko miljøproblem.

**3.3 Vidare drift**

Oppstillinga nedanfor gir eit rett bilete av utvikling, resultat og stilling for Nynorsk kultursentrum. Tala er i 1000 kr.

| | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|
| Omsetning | 9 637 | 9 971 | 9 842 |
| Resultat | -344 | 111 | 126 |
| Eigenkapital | 42 | 153 | 279 |

Grunnfondskapitalen er på kr 220 000. Denne kapitalen står på renteberande konto i Sparebanken Volda Ørsta. Vidare drift er lagd til grunn for rekneskapen for 2005.

# *4. Disponering av resultat*

Årsoverskotet på 125 976 kr går til å auke eigenkapitalen. Stiftinga har ved årsskiftet ein eigenkapital på 278 924 kr.

*Hovdebygda, 31. desember 2005/24. mars 2006*

Kari Bjørke, *leiar*

Geir Atle Ersland     Kristian I. Hanto     Jan Heggheim

Eirik Helleve     Olaug Husabø     Margit Walsø

Ottar Grepstad, *direktør*

# RESULTATREKNESKAP for 2005
## Stiftinga Nynorsk kultursentrum

**DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER**

| | Note | 2005 | 2004 |
|---|---|---|---|
| Tilskot frå Kulturdep. o.a. | 1 | 7 879 750 | 7 682 250 |
| Sal av varer | | 827 536 | 928 865 |
| Billettsal | | 458 137 | 635 502 |
| Sponsorinntekter og annonser | | 512 370 | 593 289 |
| Andre inntekter | | 164 394 | 131 332 |
| **Sum driftsinntekter** | | **9 842 187** | **9 971 238** |
| Varekostnader | | 388 095 | 409 937 |
| Lønskostnader m.m. | 4 | 5 386 745 | 5 232 201 |
| Leigekostnader | | 97 026 | 126 383 |
| Utstyr og driftsmateriell, straum | | 809 862 | 692 270 |
| Reparasjonar og vedlikehald | | 246 837 | 310 055 |
| Reise/opphald | | 587 131 | 732 539 |
| Honorar | 4 | 669 884 | 720 764 |
| Marknadsføring | | 541 534 | 567 876 |
| Ymse kontorkostnader/porto m.m. | | 512 587 | 603 399 |
| Ordinære avskrivingar | 6 | 178 840 | 144 703 |
| Andre driftskostnader | | 314 172 | 333 290 |
| **Sum driftskostnader** | | **9 732 713** | **9 873 417** |
| **Driftsresultat** | | **109 474** | **97 820** |
| **FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER** | | | |
| Renteinntekter | | 17 706 | 16 220 |
| Rentekostnader | | -1 205 | -3 196 |
| **Netto finanspostar** | | **16 501** | **13 024** |
| **Resultat før ekstraord. inntekter og kostnader** | | **125 976** | **110 844** |
| **Årsoverskot (+) / Årsunderskot (-)** | | 125 976 | 110 844 |
| **OPPSKRIVINGAR OG OVERFØRINGAR** | | | |
| Overføringar annan eigenkapital | 5 | 125 976 | 110 844 |
| Sum oppskrivingar og overføringar | | **125 976** | **110 844** |

# BALANSE per 31. desember
# Stiftinga Nynorsk kultursentrum

| EIGEDELAR | Note | 2005 | 2004 |
|---|---|---|---|
| **Anleggsmiddel** | | | |
| Datautstyr | 6 | 218 712 | 120 976 |
| Inventar og utstyr | 6 | 240 941 | 253 250 |
| **Sum anleggsmiddel** | | **459 653** | **374 226** |
| | | | |
| **Omløpsmiddel** | | | |
| Varelager | 3 | 269 819 | 207 124 |
| Kundar | 2 | 104 481 | 377 170 |
| Andre krav | 2 | 294 313 | 66 968 |
| Bank, kasse (bundne midlar: 167.102) | | 452 706 | 544 198 |
| **Sum omløpsmiddel** | | **1 121 319** | **1 195 460** |
| | | | |
| **SUM EIGEDELAR** | | **1 580 972** | **1 569 686** |

# BALANSE per 31. desember
# Stiftinga Nynorsk kultursentrum

| EIGENKAPITAL OG GJELD | Note | 2005 | 2004 |
|---|---|---|---|
| **Eigenkapital** | | | |
| Grunnfond | | 220 000 | 220 000 |
| **Sum innskoten eigenkapital** | | **220 000** | **220 000** |
| **Annan eigenkapital (+) / udekt tap (-)** | | 58 924 | -67 052 |
| **Sum eigenkapital** | 5 | **278 924** | **152 948** |
| | | | |
| **Langsiktig gjeld** | | | |
| Banklån | | 0 | 0 |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **0** | **0** |
| | | | |
| **Kortsiktig gjeld** | | | |
| Leverandørgjeld | | 240 855 | 108 156 |
| Trekk og offentlege avgifter | | 374 137 | 410 850 |
| Påkomne kostnader | | 467 056 | 422 732 |
| Periodiserte tilskot | | 220 000 | 475 000 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **1 302 048** | **1 416 738** |
| | | | |
| **Sum gjeld** | | **1 302 048** | **1 416 738** |
| | | | |
| **SUM EIGENKAPITAL OG GJELD** | | **1 580 972** | **1 569 687** |

**Ørsta, 31.12.05**
**13.03.2005**

**I styret for**
**STI Nynorsk kultursentrum**

**Kari Bjørke**
styreleiar

**Jan Heggheim**
styremedlem

**Kristian I. Hanto**
styremedlem

**Olaug Husabø**
styremedlem

**Margit Walsø**
styremedlem

**Geir Atle Ersland**
nestleiar

**Eirik Helleve**
styremedlem

**Ottar Grepstad**
direktør

Som revisor i stiftinga kan vi stadfeste at tilskotet frå Kultur- og kyrkjedepartementet er nytta i samsvar med føresetnadene i tildelingsbrevet frå departementet.

**Arvid Hovden**
**statsautorisert revisor**

# NOTAR for 2005
# Stiftinga Nynorsk kultursentrum

**Rekneskapsprinsipp**

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova av 1998. Rekneskapsprinsippa vert skildra nedanfor.

**Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld**

Eigedelar som er bestemt til varig eige eller bruk, er klassifiserte som anleggsmiddel.
Andre eigedelar er klassifiserte som omløpsmiddel. Krav som skal tilbakebetalast innan eitt år, er klassifiserte som omløpsmiddel. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterium lagt til grunn.

Anleggsmiddel vert vurderte til kostpris, men vert nedskrivne til virkeleg verdi når verdifallet er venta ikkje å vere forbigåande. Anleggsmiddel med avgrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet.

Omløpsmiddel vert vurderte til lågaste av kostpris og virkeleg verdi. Kortsiktig gjeld vert balanseført til nominell sum på etableringstidspunktet. Kortsiktig gjeld vert ikkje oppskriven som følgje av renteendring.

## Note 1
## Offentlege tilskot

| | 2005 | 2004 |
|---|---|---|
| Kultur- og kyrkjedepartementet | 7 226 000 | 7 077 000 |
| Tilskot frå Møre og Romsdal fylke | 58 000 | 58 000 |
| Tilskot frå Ørsta og Volda kommunar | 50 000 | 50 000 |
| Tilskot frå andre kommunar | 0 | 65 000 |
| Andre offentlege tilskot | 275 000 | 220 000 |
| Andre tilskot | 270 750 | 212 250 |
| **Sum tilskot** | **7 879 750** | **7 682 250** |

## Note 2
## Andre krav

Krava er verdsette til pålydande og forfell innan 1 år.

## Note 3
## Varelager

Varelageret er vurdert til lågaste verdi av kostpris og verkeleg verdi.

## Note 4
## Lønskostnad, tal på tilsette m.m.

| | 2005 | 2004 |
|---|---|---|
| Lønskostnad | 4 085 870 | 3 911 034 |
| Folketrygdavgift | 653 095 | 636 178 |
| Oppg.pl. honorar | 276 973 | 323 975 |
| Pensjonsytingar | 316 292 | 324 258 |
| Andre ytingar | 54 515 | 36 756 |
| | 5 386 745 | 5 232 201 |
| Gjennomsnittleg tal på fast tilsette (årsverk) | 10,6 | 9,6 |
| Mindre deltidsstillingar kjem i tillegg | | |

| Ytingar til leiande personar | dagleg leiar | styreleiar | styre-medlemmer |
|---|---|---|---|
| Løn, honorar og liknande | 540 219 | 50 000 | 74 273 |

**Revisor**
Kostnadsført revisjonshonorar for 2005 utgjer kr 20.900,- u/mva. Honorar for revisjonsrelaterte tilleggstenester utgjer kr 2.600,- u/mva.

Stiftinga har pensjonsordningar i Statens pensjonskasse. Ordningane gir rett til definerte framtidige ytingar. Desse er i hovudsak avhengige av tal oppteningsår, lønsnivå ved oppnådd pensjonsalder og storleiken på ytingar frå folketrygda. 11 tilsette (inkl. deltidsstillingar) er med på denne ordninga.

## Note 5

| Eigenkapital | 2004 | 2005 |
|---|---|---|
| Grunnkapital 01.01. | **220 000** | **220 000** |
| | | |
| Annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 01.01. | -177 896 | -67 052 |
| Årsresultat | 110 844 | 125 976 |
| Sum annan eigenkapital (+) / udekt tap (-) 31.12. | **-67 052** | **58 924** |
| Sum eigenkapital 31.12. | **152 948** | **278 924** |

## Note 6

| Tilskot til inventar/utstilling og bygg | Inventar/ utstilling | Amfi | Bygg | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Kostpris 01.01. | 9 790 451 | 1 249 599 | 43 800 000 | 54 840 050 |
| + Tilgang | 264 267 | 0 | 0 | 264 267 |
| - Avgang | -305 670 | 0 | 0 | -305 670 |
| - Tilskot | -8 824 041 | -1 234 500 | -43 800 000 | -53 858 541 |
| Kostpris 31.12. | 925 007 | 15 099 | 0 | 940 106 |
| Akk. avskrivingar 31.12. | -465 354 | -15 099 | 0 | -480 453 |
| Bokført verdi | **459 653** | **0** | **0** | **459 653** |
| Avskrivingar i år | 178 840 | 0 | 0 | 178 840 |
| Avskrivingssats | 20 % | 0 % | | |

Stiftinga har i 2002 fått vederlagsfri heimelsoverføring frå Staten på den faste eigedomen. Dette byggjer på ein føresetnad om at nybygget ikkje skal omsettast. Dette er i samsvar med § 9 i vedtektene for stiftinga, der det heiter at "den rørlege og urørlege eigedomen til stiftinga kan ikkje avhendast, med mindre det følgjer av gjenstandens art eller føremålet med å tileigne seg gjenstanden". Som følgje av dette er verdien oppført til kostpris kr 0,- for stiftinga, men slik at byggjekostnaden er vist i oppstillinga ovanfor og med tilsvarande sum som tilskot.

hovden & vatne
statsautoriserte revisorar as

Org.nr. 987 832 916 MVA
E-post: firmapost@h-v.no
www.h-v.no

**Til styret i**
**Nynorsk kultursentrum**

## REVISJONSMELDING FOR 2005

Vi har revidert årsrekneskapen for Nynorsk kultursentrum for rekneskapsåret 2005, som syner eit årsoverskot på kr 125.976,-. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegg til bruk av årsoverskotet. Årsrekneskapen er samansett av resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Reglane i rekneskapslova og god rekneskapsskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagde fram av styret og dagleg leiar i stiftinga. Vår oppgåve er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre forhold i samhøve med revisorlova og lov om stiftingar.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna revisjonsstandarar vedtekne av den Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimat, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjonen også ein gjennomgang av forvaltninga av formua og rekneskaps- og intern kontroll-systema i stiftinga. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for konklusjonane.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter, og gir eit rettvisande bilete av stiftinga si økonomiske stilling 31. desember 2005 og for resultatet i rekneskapsåret som er i samsvar med god rekneskapsskikk i Noreg
- leiinga har oppfyllt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegget til bruk av årsoverskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Vi har ikkje fått kjennskap til noko tilhøve som tilseier at forvaltninga og utdelingar i stiftinga ikkje er gjennomført i samsvar med lov, føremålet til stiftinga og vedtektene elles.

Ørsta, den 24, mars 2006
Hovden & Vatne

Arvid Hovden
statsautorisert revisor

# 6. Organisasjon

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting med hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet
- Dei Nynorske Festspela
- Nettstadene www.aasentunet.no og www.garborgnett.no

**6.1 Råd**

20 stiftarar står bak Nynorsk kultursentrum. Kvar stiftar oppnemner for to år om gongen ein medlem og ein varamedlem til rådet i Nynorsk kultursentrum. Rådet hadde desse medlemmene i 2005 (oppnemningsperiode i parentes):

*Kommunar og fylkeskommunar*

- Hordaland fylkeskommune: Jakob Bjelland (2004–2007), vara Anbjørg R. Hjellestad (2004–2007)
- Møre og Romsdal fylke: Reidun Klock Tjervåg (2003–2007), vara Solfrid Petrine Viset (2003–2007)
- Sogn og Fjordane fylkeskommune: Else Kristine Husabø (2003–2007), vara Liv Henjum (2003–2007)
- Volda kommune: Gunnar Strøm (1999–), vara Reidun Heimen Heltne (2003–)
- Ørsta kommune: Ola Perry Saure (1999–), vara Monika Ryste Barstad (2003–)

*Forskings- og utdanningsinstitusjonar*

- Ivar Aasen-instituttet: Stephen J. Walton (2002–), vara Jan Inge Sørbø (2003–2004)
- Høgskulen i Volda: Reidun Høydal (2003–2004), vara Reidun Aambø (2003–2004)
- Møreforsking: Johan Barstad (1998–), vara Reidun Høydal (1998–)
- Møre Folkehøgskule: Odd A. Steinvåg (1993–), vara Olav Aasen (1993–)
- Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet: Gunnar Foss (2005–2007), vara Steinar Gimnes (2005–2007)
- Universitetet i Bergen: Johan Myking (2005–2006), vara Knut S. Vikør (2005–2006)
- Universitetet i Oslo: Kristian Emil Kristoffersen (2005–2009), Rolf Theil (2005–2009)
- Universitetet i Tromsø: Eirik Liland (1998–), vara Gulbrand Alhaug (2002–)

*Kulturinstitusjonar*

- Det Norske Samlaget: Svenn Fosseng (2002–), vara Eli Fiskvik (2002–)
- Det Norske Teatret: Ola E. Bø (1993–), vara Kristin Eikli (1993–)
- Sunnmøre Museum: Kari Hasle (2005–2006), vara Ingebjørg Røyrhus Øyehaug (2005–2006)

*Målrørsle*

- Noregs Mållag: Grete Riise (2001–), vara Steinulf Tungesvik (2001–)
- Noregs Ungdomslag: Yngve Vadstein (2002–), vara Hallvard Julseth (1999–)
- Landssamanslutninga av nynorskkommunar: Jan Magne Dahle (2003–), vara Vidar Høviskeland (2001–)
- Vestmannalaget: Svein E. Kvamsdal (2000–), vara Kjell Inge Bjørke (2000–)

Arbeidsoppgåvene for rådet er desse:

1. Sjå til at stiftinga arbeider i samsvar med føremålet.
2. Vedta fråsegner om alle spørsmål som vedrører stiftinga, men ikkje som bindande pålegg til styret.
3. Oppnemne to styremedlemmer med varamedlemmer til styret i Nynorsk kultursentrum.
4. Gjere framlegg til styret om val av revisor for Nynorsk kultursentrum.

Rådsordførar var Grete Riise. Ottar Grepstad var sekretær. Rådet hadde to møte og handsama i alt 18 saker, mot 17 året før. Utanom tilsynsfunksjonen var dei viktigaste sakene samarbeid mellom språkinstitusjonar, rammevilkåra for Dei Nynorske Festspela, kulturpolitikk i det nye Stortinget, og mål for 200-årsjubileet til Ivar Aasen i 2013.

## 6.2 Styre

Styret i Nynorsk kultursentrum har sju medlemmer med personlege varamedlemmer. Staten v/Kultur- og kyrkjedepartementet oppnemner fire medlemmer, rådet vel to, mens ein medlem blir vald av dei tilsette. Styret i 2005 var:

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet 1.1.2002–31.12.2005*

- Kari Bjørke, Oslo, leiar (oppnemnd første gongen 1998) med vara Marie Morken, Bergen (oppnemnd første gongen 2002)
- Geir Atle Ersland, Bergen (oppnemnd første gongen 1998) med vara Arvid Blindheim, Vestnes (oppnemnd første gongen 1998)

*Oppnemnde av Kultur- og kyrkjedepartementet 1.1.2004–31.12.2007*

- Jan Heggheim, Stryn (oppnemnd første gongen 2004) med vara Målfrid Snørteland, Hafrsfjord (oppnemnd første gongen 2004)
- Olaug Husabø, Tromsø (oppnemnd første gongen 2000) med vara Per Olav Kaldestad, Stord (oppnemnd første gongen 1999)

*Valde av rådet 1.1.2002–31.12.2005*

- Margit Walsø, Oslo (vald første gongen 2002) med vara Bente Vatne, Ørsta (vald første gongen 1998)

*Valde av rådet 1.1.2004–31.12.2007*

- Kristian I. Hanto, Bø (vald første gongen 2002) med vara Jan Olav Fretland, Lærdal (vald for åra 2004–2005, vald første gongen 1998)

*Vald av dei tilsette 1.1.2004–31.12.2005*

- Eirik Helleve, Volda (vald første gongen 2004) med vara Ingrid I. Opedal, Volda (vald første gongen 2004)

Rådsordførar Grete Riise møtte som observatør på møta.

Styret hadde fire møte og eitt telefonmøte, og handsama i alt 64 saker mot 80 året før. Utanom budsjett, søknad om statstilskot, rekneskap og årsmelding var dei viktigaste sakene Nynorsk digitalt leksikon, langtidsplanar for ulike delar av drifta, ny utescene og ulike saker under fellesnemnaren "Perspektiv 2013".

## 6.3 Administrasjon

I 2005 hadde Nynorsk kultursentrum arbeidsavtale med 24 medarbeidarar, mot 30 året før. Desse utførte 12,1 årsverk mot 12,8 året før.




Desse 13 var fast tilsette eller tilsette i vikariat i 2005:

- Ottar Grepstad, direktør
- Torgeir Dimmen, informasjonsleiar (permisjon, slutta 30.7.)
- Eirik Helleve, dokumentasjonsleiar
- Milan Ilic, kjøkkenleiar
- Knut-Johann Jørgensen, driftsleiar
- Kirsti Langstøyl, bibliotekleiar
- Svein Arne Myhren, vikar formidlingsleiar (frå og med 1.5.)
- Marit Neergaard, formidlingsleiar (omsorgspermisjon frå og med 15.5.)
- Oddny W. Nupen, sals- og administrasjonssekretær
- Ingrid I. Opedal, tunvert
- Christel Siem, vikar programansvarleg
- Janne Karin Støylen, programansvarleg (omsorgspermisjon)
- Gaute Øvereng, vikar informasjonsleiar (fast tilsett frå og med 6.8.)

Desse 11 var tilsette i engasjementsstillingar og utførte om lag 2200 timeverk i 2005, mot vel 2900 året før:

- Ragnhild Bjørge
- Ingrid Buset

- Nils Endre Eikeland (studentpraksis informasjonsstudiet)
- Lars Ivar Nordal
- Elisabeth Rotevatn
- Solveig Skrede
- Anne Marta Vinsrygg Vadstein
- Åshild Widerøe
- Birte Wollmann Ytrestøyl
- Aslaug Marit Øyehaug
- Erik Aaslid, bibliotekar (til og med 30.9.)

Ved enkelte høve var desse fire ekstrahjelper: Kai-Robin Lid Busch, Live Karin Liaskar, Ole Jonny Lillebråten og Hilde Marthe Nordhaug.

**6.4 Verneombod**
Verneombod i 2005 var Knut-Johann Jørgensen.

**6.5 Rekneskap og revisjon**
Rekneskapen blei ført av Voldaregnskap i Volda. Revisor var Hovden & Vatne Statsautoriserte Revisorar AS v/Arvid Hovden.

**6.6 Verv og representasjon**
- Nynorsk Forum: Ottar Grepstad (leiar, 1997–)
- Musea i Møre og Romsdal (MIMR): Eirik Helleve (vara 2000–2002, sekretær 2002–2005)
- Fagrådet for Ivar Aasen-instituttet: Sigrid Bø Grønstøl (2001–2005)
- Styret i Norges Museumsforbund (1. vara frå 2005): Ottar Grepstad (2003–)
- Forum for nasjonale museer: Ottar Grepstad (sekretær 2003–2005)
- Nasjonalt forskarnettverk for nynorsk: Eirik Helleve (2003–)
- Strategigruppa for Norsk språkråd: Kari Bjørke (2004–2005)
- Ressursgruppa for den nemnde strategigruppa: Ottar Grepstad (2004–2005)
- Fagråd ved Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa: Ottar Grepstad (2005–)
- Forum for nynorsk i skulen: Ottar Grepstad (2005–)
- Utdanning i Volda: Ottar Grepstad (2005–)

**6.7 Medlemsskapar**
Nynorsk kultursentrum var i 2005 medlem av desse institusjonane:
- BIBSYS (frå 2000)
- Norges Museumsforbund (frå 2000)
- Musea i Møre og Romsdal, MIMR (frå 2000)
- Norsk KulturhusNettverk, NKN (frå 2000)
- Ørsta reiselivslag (frå 2000)
- ICOM Noreg (frå 2003)
- Landslaget for lokal- og privatarkiv, LLP (frå 2003)
- Norsk bibliotekforening (frå 2004)
- Norsk kulturarv (frå 2004)
- Destinasjon Ålesund & Sunnmøre (frå 2005)

**6.8 Ivar Aasen-instituttet**
For Nynorsk kultursentrum er Ivar Aasen-instituttet ein vedtektsfesta samarbeidspartnarar, og det alt i § 1, der det heiter at stiftinga har som_"hovudføremål å arbeide for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet i Volda." Omfanget av samarbeidet vil variere over tid, og i 2005 hadde vi få fellestiltak. Det viktigaste var kontakten mellom oss og dei tre doktorgradsstipendiatane Jens Johan Hyvik, Oddmund L. Hoel og Aase Norunn Digernes som no skriv kvar sine avhandlingar frå historia om norsk målreising 1739 –2005.

**6.9 Andre samarbeidspartnarar og nettverk**
Nynorsk kultursentrum representerer ein total abm-institusjon som driv både arkiv, bibliotek, museum, festival og nettstad, og som har drive ulike nettverk like sidan 1997. Vi blei ei konsolidert eining alt i 2000 då vi tok over ansvaret for det som truleg er det eldste personmuseet i landet, Ivar Aasen-museet.

Nynorsk kultursentrum har mange ulike brukarar av våre tenester og vår kompetanse, og vi samarbeider på ulike måtar med svært mange institusjonar og miljø. Det kjem jamt fleire førespurnader utanfrå om samarbeid, råd og hjelp. Vi er ikkje i den situasjonen at vi må by oss fram, men tvert om i aukande

grad velje kritisk kva vi kan og bør engasjere oss i av initiativ og førespurnader utanfrå.

Dei fleste tiltaka Nynorsk kultursentrum gjennomfører, involverer såleis ulike samarbeidspartnarar. Årleg har vi jamleg og målretta kontakt med godt over 60 institusjonar, organisasjonar og verksemder som er spreidde på mange fylke landet over.

Vi er med i både lokale, regionale, nasjonale og internasjonale nettverk. I 2005 var dette dei viktigaste: Nynorsk Forum, Forum for nasjonale museer og Norsk Kulturhus-Nettverk.

**6.10 Kunstnarleg råd**

I 2005 oppnemnde Nynorsk kultursentrum eit kunstnarleg råd for Dei Nynorske Festspela som skal ha høg kompetanse på kva som er den nasjonale eller internasjonale standard innanfor ulike kunstnarlege uttrykk. Programansvarleg leier arbeidet i rådet, der desse er med juni 2005 – juni 2007:

- Ane Dahl Torp, skodespelar
- Ola E. Bø, dramaturg Det Norske Teatret
- Jan Kløvstad, kultursjef Tvedestrand
- Are Kalvø, journalist og humorist
- Margit Walsø, forlagssjef Det Norske Samlaget

Delar av rådet møttest uformelt under Festspela, og heile rådet hadde første ordinære møte i Oslo 19. september 2005.

# 7. Staden

Med Ivar Aasen-tunet rår Nynorsk kultursentrum over eitt av dei vakraste museumsanlegga i landet. Vi legg stor vekt på å utføre reparasjonar og stå for eit jamleg vedlikehald som tek vare på denne unike staden. I 2005 tok vi laus på arbeidet som vonleg vil resultere i ei ny permanent utescene, og det som kan bli eit fint nytt tuntre til 200-årsjubileet for Ivar Aasen i 2013.

**7.1 Uteområdet**

Nynorsk kultursentrum rår over fem bygningar og eit 30 mål stort uteområde i Ivar Aasen-tunet. Dette kulturlandskapet er sterkt knytt til den nynorske kulturhistoria og byd på ein autentisitet som gjer sterke inntrykk på mange.

Storebjørka i Aasen-tunet er det nynorske tuntreet, og ved sida av Kongebjørka i Molde har dette vore den mest kjende bjørka i landet. Etter stormskade hausten 2004 sende vi våren 2005 avleggjarar til Biri planteskole, som no dyrkar fram genetiske kopiar av bjørka. Storebjørka, som må ha vore minst 200 år gammal, blei så teken ned 16.11.2005.

Avleggjarar vil truleg vere store nok til utplanting våren 2007.

**7.2 Bygningar og anlegg**

Nybygget i Ivar Aasen-tunet er ei komplisert bygning med krevjande tekniske anlegg. Jamleg vedlikehald og dagleg tilsyn med desse anlegga blei prioritert høgt også i 2005. I spørsmål kring utbetring og vedlikehald hadde administrasjonen også dette året kontakt med professor arkitekt Sverre Fehn MNAL.

Gjenklangen i kafeen og resepsjonen har vore for stor heile tida. Hausten 2004 tok vi difor kontakt med Statsbygg for å sjå om noko kunne gjerast. Statsbygg var imøtekomande og kring årsskiftet 2004/2005 fekk vi fram førebels prisoverslag over ei teknisk god, men dyr løysing som også kan vere tilfredsstillande visuelt. Det har ikkje vore økonomisk grunnlag for å følgje opp dette i 2005. Det same gjeld behovet for større parkeringsplass.

Arbeidet med å planleggje ny, større og permanent utescene tok til i 2003 og blei ført vidare i 2005. I nært samarbeid med Sverre Fehn blei arkitektane Henrik Hille og Erwin Strandskogen sommaren 2005 engasjerte til å teikne den nye utescena. Hille og Strandskogen var dei nærmaste medarbeidarane til Fehn då Ivar Aasen-blei bygt, og dei kjenner såleis både tomta og anlegget godt. Dei første skissene blei presenterte for styret 20.9.2005, og det vidare arbeidet har vore prega av spørsmål kring finansiering.

**7.3. Forankring i vertskommunane**

Både Volda og Ørsta er vertskommunar, og det har heile tida vore viktig for oss å ha nær kontakt med desse. I 2005 formaliserte vi

dette ved å halde eit årleg kontaktmøte med politisk og administrativ leiing. Det første møtet blei halde 21.11.2005.

# 8. Dokumentasjon, forsking og formidling

Med den utoverretta profilen til Ivar Aasentunet er det kunstig å skilje skarpt mellom formidling, oppleving og fagleg arbeid. Alle tilsette utfører fagleg arbeid. Meir gjennom fagleg arbeid og temautstillingar enn gjennom kulturprogrammet kan Nynorsk kultursentrum spele ei rolle nasjonalt og internasjonalt. Den spisskompetansen på dokumentasjon av nynorsk skriftkultur som skal vere vårt varemerke, blei utvikla vidare i 2005, og det er tydeleg at Nynorsk kultursentrum for mange er blitt eit kvalitetsargument. Det forpliktar.

**8.1 Arkiv og bibliotek**
Gjennom året auka samlingane med totalt 1393 titlar frå 32 894 i 2004 til 34 287 i 2005. Omgrepet *titlar* dekkjer både enkeltbøker, verk som inneheld fleire band, tidsskrift, fotografi, originaldokument, arkiveiningar og enkeltgjenstandar. For å få betre plass har vi i 2005 for første gong kassert 76 titlar (104 band), som er dublettar av nyare fag- og skjønnlitteratur. Fordi vi tel tilvekst av trykte skrifter i titlar, har vi trekt talet på kasserte titlar frå talet for brutto tilvekst. Av samlingane totalt var 14 884 titlar tilfredsstillande registrerte ved utgangen av året, dvs. 43 % av samlingane, mot 34 % i 2004.

Samlingane femner om både kulturhistoriske gjenstandar, kunsthistoriske gjenstandar og fotografi. Tilveksten av kulturhistoriske gjenstandar var på 268 titlar, i form av trykte skrifter (245), AV-media (CD-ROM, musikk-CD-ar, lydbøker på CD og DVD; i alt 22), arkivmateriale (1; Arkiv for norsk målreising) og registrering av delar av samlingane. Talet på kunsthistoriske gjenstandar auka med 1 i 2005, medan fotografi auka med 1124 titlar. Auken kjem i all hovudsak frå fotografi tekne i samband med eigne aktivitetar og arrangement, i tillegg var 316 av desse digitalisering av foto frå illustrasjonsarkivet til *Norsk allkunnebok*, som blei ordna og delvis digitalisert av oss våren 2005.

Biblioteket kjøpte i 2005 inn 197 trykte skrifter og 22 AV-media, mot 229 og 30 i 2004. Biblioteket abonnerte på 66 tidsskrift og årbøker, 5 fleire enn i 2004. Frå bibliotek, privatpersonar, forlag, institusjonar og organisasjonar fekk Nynorsk kultursentrum dette året 126 trykte skrifter og AV-media i gåve.

Biblioteket hadde totalt 310 *utlån* i 2005. Utlånet omfatta utlån til dei tilsette og til utstillingar frå eigne samlingar, utlån av litteratur innlånt frå andre bibliotek og utlån til andre bibliotek. Frå 1.1.2005 opna vi for at andre bibliotek kunne tinge lån og kopiar frå oss via BIBSYS, og 10 utlån var difor utlån til andre bibliotek. Vi sende 5 kopiar til andre bibliotek i 2005. Det blei tinga og motteke 41 innlån og 22 kopiar frå andre bibliotek dette året.

Av plassgrunnar fører Nynorsk kultursentrum ein svært restriktiv tilvekstpolitikk for større bokgåver og arkivmateriale. Kvart år får vi tilbod vi må takke nei til. Arkiv for norsk målreising var årets tilvekst av arkivmateriale (sjå nedanfor).

Utanom innkjøp av tre kunstverk kom det ikkje til fleire tradisjonelle gjenstandar i 2005. I følgje *Innsamlings- og dokumentasjonsplan nr. 1 2006–2008* skal heile gjenstandssamlinga – kunstverk, eldre fotografi og gjenstandar – samla inn etter at Ivar Aasentunet opna, vere registrert i WinRegimus eller Primus før 31.12.2006.

Talet på titlar gir avgrensa informasjon om kor store samlingane er fysisk. Vi bruker difor i nokre samanhengar også omgrepet *band/eksemplar*, der vi til dømes tel med enkelteksemplar av særprent, enkeltårgangar av aviser, tidsskriftnummer m.m.

Arbeidet med å registrere bøker og tidsskrift i BIBSYS tok til i 2001. Systemet blir brukt i samband med tinging, mottak og katalogisering, og i samband med utlån og innlån frå andre bibliotek. Opplysningar som gjeld eitt eksemplar av eit dokument blir kalla ein dokumentpost og blir identifisert av eit DOKID. Talet på DOKID svarar til talet

på eksemplar som er registrert i basen. Ved utgangen av 2005 var det registrert totalt 12 185 DOKID i BIBSYS for biblioteket vårt.

I 2005 blei det registrert eller katalogisert 3711 DOKID med bibliotekkode *wb* og kortforma AASENTUN i BIBSYS, mot 5720 i 2004. Så og seie alle desse blei også katalogiserte. I tillegg blei 19 DOKID registrerte før 2005 katalogiserte. Til saman blei altså 3730 titlar/eksemplar registrerte eller katalogiserte i BIBSYS i 2005. Av desse var 2456 titlar frå Djupedal-samlinga.

Registreringsarbeidet i Djupedal-samlinga er nøye presentert i vedlegg 5.

## 8.2 Samlingar

Samlingane i Ivar Aasen-tunet er sett saman av eigne kjøp, gåver og fleire større delsamlingar. Status for dei viktigaste av desse er presenterte nedanfor.

*Ivar Aasen-samlinga*: 225 gjenstandar og om lag 2400 bøker og skrifter. Arbeidet med å gå gjennom heile Aasen-samlinga for å samanlikne med Haukaas si liste frå 1946 blei avslutta i 2004. Den korrigerte lista over denne boksamlinga vil bli publisert på nettstaden.

*Reidar Djupedal-samlinga*: Ved avslutta prosjektperiode 1.10.2005 var rundt 19 400 band registrerte. Saman med vel 15 200 uregistrerte band utgjer samlinga i alt 34 600 band. Samlinga inneheld bøker, særprent, småtrykk og periodika innan ulike fagområde, men med vekt på språk- og litteraturvitskap, på minst 15 ulike språk; hovudsakleg norsk, dansk, svensk, islandsk, færøysk og frisisk. I tillegg kjem 218 originale Aasen-dokument og 22 kartongar med avisklipp.

*Sivert Aarflot-arkivet*: Over 2000 originaldokument i 43 arkivboksar, m.a. mange Aasen-dokument. Arkivet er deponert av Sivert Aarflot-museet, i første omgang fram til 2005.

Delar av *Norsk boksamling*, gjerne kalla Anton Aure-samlinga: Om lag 5000 band med bøker og skrifter utgitt 1936–1979 (Aure-samlinga del II), og 2200 årgangar av 146 ulike aviser, blad og tidsskrift frå perioden 1877–1972. Samlinga er deponert av Det Norske Samlaget, i første omgang fram til 2010. Ved overføringa frå Universitetsbiblioteket i Oslo/Nasjonalbiblioteket i Oslo (NBO) var store delar av dette uordna materiale. Innhaldet har blitt ordna alfabetisk i tre kategoriar; skjønn- og faglitteratur, periodika og særprent. Då vi ordna siste delen av samlinga i 2005, viste det seg uventa nok at også Anton Aure hadde samla ein del avisklipp. Dette er med og gjer klipparkivet i Ivar Aasen-tunet unikt. Åtte kassar med skrifter som ikkje høyrde til Aure-samlinga, blei returnerte til NBO i november. Vi reknar med å kunne ta imot resten av Aure-samlinga i planperioden for *Innsamlings- og dokumentasjonsplan nr. 1 2006–2008* (sjå nedanfor).

*Arkiv for norsk målreising*: Dette er Peder Hovdans arkiv med 133 arkivboksar med avisklipp og noko anna materiale i ganske ordna former, og ein stor og svært innhaldsrik handskriven protokoll som gjennom 50 år dokumenterer bruken av nynorsk i dei enkelte kommunane fram til om lag 1950. Det Norske Samlaget eig arkivet, som var deponert på Universitetsbiblioteket i Oslo fram til hausten 2005. Den 16.11. blei samlinga frakta til Ivar Aasen-tunet for deponi her. Det Norske Samlaget skal før 10.2.2011 vurdere ei permanent deponering av arkivet i Aasen-tunet. Arkivet blir ikkje vidare ordna av oss, men det vil vere aktuelt å skanne ein del avisklipp til nettstaden.

*Noregs Mållags avisklipparkiv 1983–2005*: 155 kassettar og permar. Papirarkivet er avslutta våren 2005 og erstatta med digital klippteneste frå iFoqus.




## 8.3 Innkjøpte kunstverk

Nynorsk kultursentrum byggjer år for år varsamt ut kunstsamlinga i Ivar Aasen-tunet. I 2005 kjøpte vi tre kunstverk:

- Oddleiv Apneseth: *Fjordakongen Norvald Tveit*, 71 x 71 cm, fotografi
- Eva Laila Hilsen: *Blå* (2005), bibliofilutgåve, nr. IV/XX, med fire litografiar 55 x 44 cm og CD-DVD med dikt av Jon Fosse og musikk av Karl Seglem
- Per Kleiva: *Møte* (2001), 50 x 50 cm, serigrafi, nr. 81/100

Etter dette eig Nynorsk kultursentrum 30 kunstverk.

**8.4 Dokumentasjon og forsking**

Arbeidet med å registrere samlingane i Ivar Aasen-tunet er godt i gang, men det vil ta lang tid før alt er registrert. Den prioriterte delen av Djupedal-samlinga er no ferdig registrert, hovudsakleg faglitteratur, periodika, særprent og småtrykk. Rundt 7600 titlar i Djupedal-samlinga er no å finne i BIBSYS. I tillegg kjem 4300 trykte skrifter og AV-media som er tilvekst utanom. Til saman blir dette 11 900 titlar i BIBSYS. Oversyn over titlar og årgangar av aviser og blad i Aure-samlinga er publisert på nettstaden.

Styret vedtok i 2005 *Innsamlings- og dokumentasjonsplan nr. 1 2006 – 2008*. Dette inneber at den tidlegare dokumentasjons- og forskingsplanen er slått saman med delar av innsamlings- og bevaringsplanen. Resten blir teke med i ein ny sikrings- og bevaringsplan i 2006.

Museum driv kunnskapsbasert formidling. I systematiske og kritiske former utviklar dei eigen kunnskap, basert på samlingane sine. I seinare år er dokumentasjon blitt ein stadig viktigare funksjon for musea, men omgrepet *dokumentasjon* har enno ikkje fått nokon etablert definisjon. I den nyaste større museumsutgreiinga, *NOU 1996:7,* ser det berre ut til å vere brukt i samband med identifisering, bestemming og registrering av gjenstandar, altså som eit synonym for systematisk registrering. I planen vår har vi prøvt å gi omgrepet eit meir presist innhald: ”Dokumentasjon kan forståast som systematisk og kjeldekritisk bearbeiding av informasjon frå eigne samlingar eller innanfor dei emna ein abm-institusjon konsentrerer seg om. Denne bearbeidinga kan omfatte omtale, fagleg beskrivelse og analyse.” Dokumentasjon omfattar dermed også systematisk arbeid med immaterielle data, til dømes statistikk eller analysar. I eit slikt perspektiv blir skiljet mellom dokumentasjon og forsking lite skarpt. Eit museum som arbeider med dokumentasjon vil bruke forskarens metodar, men presenterer sjeldan materialet sitt i forskarens sjangrar, som avhandlingar eller vitskaplege artiklar.

Dokumentasjon og innsamling heng saman og viser til to ulike delar av same prosessen. Dokumentasjonen tek til når innsamlinga sluttar, altså når gjenstanden er komen i hus. Dokumentasjonsarbeidet skal dekkje både fortid og samtid. I dokumentasjonsarbeidet er vi meir føremålsretta enn forskarar skal eller treng vere. Det vi dokumenterer, skal helst kunne brukast til noko, anten av oss sjølve eller av utanforståande.

I 2005 var desse tretten dokumentasjonsprosjekta i gang i eigen regi:

- *Nynorsk faktabok 2005* (frå 1999) av Ottar Grepstad er den mest omfattande og pålitelege statistiske dokumentasjonen av nynorsk skriftkultur som nokon gong er blitt laga. Boka er ei kraftig utbetring av *Nynorsk faktabok 1998*, og inneheld nesten 400 tabellar og figurar, og er på 785 sider. Boka var tilgjengeleg på nettstaden vår frå lanseringsdagen. Fram til utgangen av 2008 blir det jamlege oppdateringar på nettet; neste komplette utgåva kjem i 2009.
- *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie* (frå 2001) av Ottar Grepstad skal både bli ein utstillingskatalog for Ivar Aasen-tunet og ei allmenn samla framstilling av norsk kulturhistorie med eit nynorsk blikk. I arbeidet med illustrasjonar, der også dokumentasjonsleiar Eirik Helleve var med, gjekk vi gjennom delar av samlinga frå Ivar Aasen-museet, og vi kan trygt seie at vi kom over materiale ingen nolevande personar har sett før. Boka blir gitt ut på Det Norske Samlaget til hundreårsjubileet for Noregs Mållag i februar 2006.
- *Nettbiblioteket* (frå 2001): Den mest omfattande dokumentasjonen på Internett av tekstar på nynorsk.
- *Nynorske dikt og songar* (frå 2001): Arbeidet med å samle inn diktarane sine siste

versjon av klassiske dikt og songar heldt fram og blir no etter kvart publiserte på nettstaden. For songane sin del tek vi også med tilrådd versjon i moderne rettskriving. I 2004 publiserte vi bl.a. fleire av dei klassiske julesongane.

- *Ivar Aasen-bibliografi* (frå 2002): Ein selektiv bibliografi frå 1977 blei i 2002 oppdatert, og vil bli oppdatert årleg frå og med 2006.
- *Det nynorske Noregskartet* (frå 2002): Vi arbeider med ein geografisk-kronologisk studie som syner korleis nynorsken blei teken i bruk, ut frå tidspunkt for innføring av nynorske skulekrinsar, Blixsalmar og nynorsk liturgi.
- *Versjonar, variantar og tradering av "Nordmannen"* (frå 2002): I dette prosjektet gjer vi greie for historia om denne mykje brukte allsongen, m. a. med grunnlag i originalkjelder som finst berre i Ivar Aasen-tunet. Arbeidet blir avslutta i 2006.
- *Historia om Ivar Aasen-museet* (frå 2003): Tidlegare museumsstyrar Jens Kåre Engeset publiserte eit historisk oversyn hausten 2003. Vi arbeider vidare med dette historiske materialet med ujamne mellomrom. Dokumentasjonsleiar Eirik Helleve har funne mykje nytt stoff frå tida 1896-1900, og samla dette i ein artikkel som blei publisert i årsskriftet til Hovdebygda soge- og velferdslag.
- *Dei mange røystene. Replikkar til Norge og Noreg 2005* (frå 2004): Etter forprosjekt i 2003 gjorde vi i 2004 avtale med Hundreårsmarkeringa Noreg 2005 om eit samarbeid som femner om fleire delprosjekt. Det viktigaste av desse er kulturprogrammet "Det undrande språket".
- *Språkpolitikk i partiprogramma* (frå 2004): Komplett dokumentasjon av alt som partia på Stortinget har vedteke om språkpolitikk i partiprogramma sine frå og med 1906. Dokumentasjonen blei publisert i serien *Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet*, og blir oppdatert etter partilandsmøta i 2005.
- *Digitalisering av illustrasjonsarkivet til Norsk allkunnebok* (frå 2004): I tråd med avtale vi gjorde med Nasjonalbiblioteket hausten 2004 ordnar vi dette arkivet og digitaliserte illustrasjonar til eige bruk etter behov. Arbeidet blei gjennomført vinteren 2005. Vi digitaliserte i underkant av 300 bilete, i all hovudsak portrett av nynorskbrukarar. Arkivet var ikkje så omfattande som vi hadde trudd, og inneheldt på langt nær alle illustrasjonane frå det store oppslagsverket.
- *Prinsippet nynorsk. Årstale nr. 5 om tilstanden for nynorsk skriftkultur* blei halden i Oslo 20.9.2005. Direktørens tale er framleis den einaste årstalen i heile kultursektoren. I år la han vekt på at prinsippet nynorsk, at nynorsk alltid må vere med der norsk språk blir tematisert eller brukt, bør bli ein del av grunnlaget for norsk språkpolitikk i framtida.
- *Digitalisering av Fedraheimen* (frå 2005)*:* Ved sida av *Dølen* (1858-70) var *Fedraheimen* (1877-91) den viktigaste landsmålsavisa på 1800-talet. I samarbeid med Norsk Ordbok 2014 arbeider vi med å gjere heile avisa tilgjengeleg på Internett, i fulltekst. Noko liknande har ikkje vore gjort med norske aviser tidlegare. Norsk Ordbok 2014 digitaliserer all teksten, for bruk i nynorskkorpuset sitt, og vi får kopiar av desse tekstfilene. Kvar fil inneheld all tekst frå eit avisnummer, og før vi legg dette ut på nettet må desse filene delast opp i nye filer, ei for kvar artikkel. Dette arbeidet med å leggje filene til rette for Internettpublisering tok til sommaren 2005, og ved årsskiftet var dei tre første årgangane klare. Vi ventar likevel med å publisere dette til etter at vi har fått på plass det nye publiseringsverktøyet.

I 2005 var desse fire eksterne forskings- og dokumentasjonsprosjekta i gang med utgangspunkt i samlingane våre

- *Mastergrad i skriftkultur* (frå 2002)*:* Hausten 2003 tok Ivar Aasen-instituttet opp ti nye studentar i det mastergradsstudiet i nynorsk skriftkultur som blei sett i gang hausten 2002. Studentane kjem i aukande grad til å bruke samlingane våre aktivt, og det kan bli aktuelt med både førelesingar og anna fagleg arbeid frå vår side.

- *Biografi om Elias Blix* (frå 2002): Anders Aschim skriv på ein biografi om Elias Blix og var ofte i kontakt om materiale frå samlingane våre.
- *Det opne språket* (frå 2003): Ivar Aasen-instituttet sette hausten 2003 i gang dette forskingsprosjektet om norsk målreisingssoge 1739 – 2005 med tre doktorgradsstipendiatar. Desse kjem til å bruke ulike delar av samlingane våre.
- *Vestlandets historie* (frå 2004): Dette populærvitskaplege prosjektet blir avslutta med eit trebandsverk som kjem ut hausten 2006. Kapitlet "Demokratisering i ein språkdelt kultur" blir skrive med grunnlag i blant anna samlingane våre. Prosjektet kan munne ut i planar om større prosjekt frå vår side.

**8.5 Nynorskbasen**

Som ein del av arbeidet med *Nynorsk leksikon* har administrasjonen frå sommaren 2001 bygt opp *Nynorskbasen*, ein enkel database med nøkkelinformasjon om profilerte nynorskbrukarar. Ved utgangen av 2005 var det registrert informasjon om 3508 personar. Det vil seie vel 600 fleire enn ved førre årsskiftet. 15 % av personane i basen var kvinner. Meir utførleg biografisk informasjon ligg føre om 2819 personar, for intern bruk. Frå og med 2006 flatar tilveksten i Nynorskbasen ut.

**8.6 Artikkelarkivet**

Like sidan opninga av Aasen-tunet i juni 2000 har vi brukt avisklipp i aktualitetshylla i utstillinga. Frå 2002 auka vi aktiviteten på dette feltet, og klipte også ut andre artiklar og notisar, som saman med artiklar som har vore brukte i aktualitetshylla, dannar Artikkelarkivet i Ivar Aasen-tunet. Ved årsskiftet hadde arkivet om lag 3570 utklipp, fordelt på 630 personar, institusjonar og organisasjonar. Ved førre årsskiftet inneheldt arkivet om lag 3230 utklipp, så tilveksten i 2005 var mindre enn året før. Det kjem dels av at vi klipte frå færre aviser, og dels av at vi berre har arkivert utklipp får første halvår. Vi har store mengder klipp og aviser liggjande frå resten av året.

I 2005 klipte vi fast frå Bergens Tidende, Dag og Tid, Klassekampen og Sunnmørsposten. I tillegg tek vi vare på artiklar frå andre aviser og frå ulike nettstader, dersom vi kjem over dei. Også eldre artiklar, som til dømes har vorte brukt i arbeidet med temautstillingar, blir tekne med i Artikkelarkivet. Arbeidet er tidkrevjande, og arbeidet med arkivet blir lagt om frå våren 2006.

Vi prioriterer artiklar om profilerte nynorskbrukarar: forfattarar, journalistar og andre mediearbeidarar, sentrale tillitsfolk eller tilsette i nynorskinstitusjonar, andre nynorskbrukande kulturpersonar, og nokre utvalde landsfemnande institusjonar og organisasjonar som bruker nynorsk.

**8.7 Publikumssørvis**

Også i 2005 heldt vi fast ved garantien frå 2000 om at vi svarar på relevante spørsmål innan 48 timar. Vi får stadig fleire spørsmål frå publikum i Aasen-tunet, på telefon, på e-post eller i vanlege brev. Mange av spørsmåla er frå skuleelevar som treng hjelp til oppgåver, oftast om Ivar Aasen. Det er òg vanleg at vi får spørsmål frå folk som leiter etter dikt eller tekstar der dei berre har nokre få ord eller verselinjer.

Bibliotekleiar, dokumentasjonsleiar og formidlingsleiar svarte på dei fleste av spørsmåla frå eksterne brukarar. Både spørsmål og svar blir tekne vare på slik at vi lett kan hente dei fram att ved behov.

**8.8 Foredrag**

Ottar Grepstad: "Den norske språksituasjonen". Kåseri i Ålesund Rotary, Ålesund 6.1.
– : "På sporet av ein ny tankebane". Helsingstale ved opninga av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Høgskulen i Volda 30.3.
– : "Aktuelt om språk". Foredrag på årsmøte i Ørskog Mållag, Sjøholt 5.4.
– : "Språkleg valfridom: eit demokratisk dilemma". Foredrag på opninga av "Språk 2005", Sandvika 9.4.
– : "Den nynorske prosaforteljaren". Foredrag på seminar om Johannes Heggland, Tysnes 16.4.
– : "Økonomiske ringverknader av Ivar Aasen-tunet og Dei Nynorske Festspela". Fo-

redrag på landstinget til Landssamanslutninga av nynorskkommunar, Rauland 28.4.
– : "Prinsippet nynorsk". Årstale nr. 5 om tilstanden for nynorsk skriftkultur, Oslo 20.9.
– : "Språk på Vestlandet gjennom 2000 år". Ålesund 23.11.
Eirik Helleve: "Nynorsk faktabok 2005. Kva veit me, og kva bør me finna ut?" Innleiing på møte i forskarnettverket for nynorsk skriftkultur, Bergen 23.11.
Svein Arne Myhren: Presentasjon av "Det undrande språket" på konferanse om Den kulturelle skulesekken, Sogndal 29.9.
– : Presentasjon av "Det undrande språket" på konferansen "Gi rom for lesing", Ålesund 16.11.
Marit Neergaard: "Ivar Aasen". Foredrag ved opninga av prosjektveke om Ivar Aasen ved Sandnes vidaregåande skule i Sandnes 15.3.
Christel Siem: "Språkpolitikk og Nynorsk kultursentrum". Gjesteførelesing ved Høgskolen på Lillehammer 25.5.

Dei fleste foredraga har vore tilgjengelege som manuskript.

**8.9 Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet**

Nynorsk kultursentrum ønskjer ikkje å bruke tid og pengar på å vere sin eigen forleggjar. Derimot har vi etter kvart sett eit behov for raskt å kunne spreie informasjon til definerte målgrupper. Frå og med 2004 gir vi ut ein enkel serie av småskrifter, produsert på kopimaskinen for rask produksjon, rask distribusjon, bruk og kast. Alle småskriftene blir også publiserte på www.aasentunet.no. Serien *Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet* skal innehalde artiklar, foredrag, notat, utgreiingar om aktuelle språkpolitiske og faglege spørsmål. Innhaldet står for forfattarens rekning. I 2005 kom det eitt nummer i serien:

Kåre Kolås: *Eit liv med kaffistover og bondeheimar. I samtalar med Nils Seland og Ottar Grepstad.* (Småskrifter frå Ivar Aasen-tunet. 4.)

**8.10 Andre trykte og elektroniske skrifter**

Ottar Grepstad: "Dei språklause partia". *Dagbladet* 10.4.2005
–: "Leksikalske lesefrukter om Fedraheimen". *Sverresoger. Kviskringar og snakk til ein jubilant [Sverre Tusvik 60 år 24.4.2005]*. Oslo
– : "Å syne fram eit språk", i Ruth Vatvedt Fjeld og Dagfinn Worren (red.): Nordiske studiar i leksikografi 7, Rapport frå konferanse om leksikografi i Norden Volda 20.-24. mai 2003, *Skrifter utgjevne av Nordisk foreining for leksikografi, Skrift nr. 8*, Oslo 2005, s. 140-48
– : "Jakob Sandes kulturelle skòrfeste", i *Jakob Sande 2004*, s. 50-87, [Dale] 2004 [2005]
– *: Nynorsk faktabok 2005*. Ørsta
Eirik Helleve: "'Det siges, at man pleier overlade slige sake til Musæer", *Hovdebygdingar – i samhald og virke. Mi gamle grend, skrift nr. 14,* Hovdebygda 2005
– : "Jørund Telnes", "Jens Tvedt", "Anders Vassbotn", i *Norsk biografisk leksikon*, band 9, Oslo 2004
– : "Tore Ørjasæter", i *Norsk biografisk leksikon*, band 10, Oslo 2005

**8.11 Fagleg representasjon**

Representantar for Nynorsk kultursentrum deltok på 47 eksterne tilstellingar i 2005, mot 45 i 2004:

- Møte i Forum for nasjonale museer på Bygdøy 19. og 20.2.: Ottar Grepstad
- Seminar om yrkesetikk for bibliotektilsette i regi av NBF Sogn og Fjordane på Skei i Jølster 17.2.: Kirsti Langstøyl
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 19.2.: Ottar Grepstad
- Kurs om god vertskap i regi av Destinasjon Ålesund & Sunnmøre i Ålesund 3.3.: Milan Ilic, Ingrid I. Opedal
- Feiring av ferdig band 5 frå *Norsk Ordbok* i Oslo 3.3.: Eirik Helleve
- Årsmøte i Ørsta reiselivslag 10.3.: Marit Neergaard og Ottar Grepstad
- Møte med ABM-utvikling i Molde 17.3.: Eirik Helleve
- Opning av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i Volda 30.3.: Ottar Grepstad, Milan Ilic, Kirsti Langstøyl, Marit Neergaard, Oddny W. Nupen, Ingrid I. Opedal, Christel Siem, Gaute Øvereng

- Seminar i høve opninga av Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i Volda 31.3.: Marit Neergaard
- Opning av "Språk 2005" i Bærum 9.4.: Ottar Grepstad
- Nettverk for lærarar i norsk som andrespråk på Sunnmøre i Aasen-tunet 12.4.: Ottar Grepstad
- Årsmøte i Norske KulturhusNettverk på Lillehammer 14.4.: Christel Siem
- Årsmøte i Musea i Møre og Romsdal i Surnadal 14.-15.4.: Eirik Helleve
- Landsmøte i Noregs Mållag i Tromsø 15.–17.4.: Olaug Husabø, Gaute Øvereng
- Seminar om Johannes Hegglands forfattarskap på Tysnes 16.4.: Ottar Grepstad
- Årsmøte i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre i Ålesund 22.4.: Gaute Øvereng
- Årsmøte i Det Norske Samlaget i Oslo 22.4.: Olaug Husabø, Grete Riise, Ottar Grepstad
- Årsmøte i Det Norske Teatret i Oslo 24.4.: Kari Bjørke
- "Gi rom for lesing", regional konferanse for Sørlandet og Vestlandet i Førde 26.–27.4.: Marit Neergaard
- Landstinget i Landssamanslutninga av nynorskkommunar i Rauland 27.–29.4: Ingrid Opedal, Ottar Grepstad
- BIBSYS-møte i Bodø 9.-11.5.: Kirsti Langstøyl
- Boklansering av *Bikubegang* i Odda 13.5.: Eirik Helleve
- Norsk Litteraturfestival på Lillehammer 25.–27.5.: Christel Siem
- Møte i Nynorsk Forum i Oslo 31.5.: Ottar Grepstad
- Opning av Nasjonalbiblioteket i Oslo 15.8.: Ottar Grepstad
- Lansering av haustlista til Samlaget i Oslo 17.8.: Christel Siem
- Den norske Matfestivalen i Ålesund 25.8.: Ingrid I. Opedal og Milan Ilic
- Bjørnson-festivalen i Molde 25.–27.8.: Christel Siem
- Nasjonalt seminar om IKT i lokalhistoria ved Høgskulen i Volda i regi av Norsk lokalhistorisk institutt og Høgskulen i Volda 12.–14.9.: Eirik Helleve og Kirsti Langstøyl
- Fylkeskulturkonferanse for Møre og Romsdal i Kristiansund 22.9.: Svein Arne Myhren
- Idémøte for Løland-prosjektet i Oslo 23.9.: Svein Arne Myhren
- Konferanse om Den kulturelle skulesekken i Sogndal 28.–29.9.: Svein Arne Myhren
- Møte i Utdanningsdirektoratet i Oslo om nynorsk i skulen 29.9.: Ottar Grepstad
- 50-årsjubileet til Kringkastingsringen i Oslo 1.10.: Grete Riise
- Møte i Løland-nemnda i Suldal 6.–7.10.: Ottar Grepstad
- Møte i Forum for nasjonale museer på Eidsvoll 20.–21.10.: Ottar Grepstad
- Orienteringsmøte om utvida tryggingssone ved Ørsta/Volda lufthamn Hovden i Aasen-tunet 6.11.: Knut-Johann Jørgensen
- Matiné "Språk 2005" i Bærum kulturhus 22.10.: Ottar Grepstad
- Haustseminar i Noregs Mållag i Oslo 22.–23.10.: Kari Bjørke, Ottar Grepstad
- Språkrådets presentasjon av *Norsk i hundre!* i Bærum kulturhus 27.10.: Ottar Grepstad
- Møte om EU-støtteordningar i regi av Møre og Romsdal fylke i Ålesund 8.11.: Christel Siem
- Møte mellom Nynorsk Forum og Løvebakken Mållag i Oslo 15.11.: Kari Bjørke
- Konferansen "Gi rom for lesing" i regi av Møre og Romsdal fylke og Høgskulen i Volda i Ålesund 15.–16.11.: Svein Arne Myhren
- Møte i Løland-nemnda på Asker museum 16.11.: Ottar Grepstad
- Møte i Nasjonalt forskarnettverk for nynorsk i Bergen 23.11.: Eirik Helleve
- Møte i fagrådet for Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa i Volda 5.12.: Ottar Grepstad
- Møte i Forum for nynorsk i skulen, Utdanningsdirektoratet i Oslo 6.12.: Ottar Grepstad

# 9. Utstillingar

Etter ein kraftig vekst i 2004 fall omsetninga for Utstillingar med 22 % frå 451 000 kr i 2004 til 386 000 kr i 2005. Resultatet blei likevel eit overskot på 120 000 kr i 2005 mot eit overskot på 163 000 kr året før.

**9.1 Basisutstillinga**
Utstillingane i Ivar Aasen-tunet skal vere levande og dynamiske. Alle skal oppdage noko nytt, også dei som vitjar utstillingane fleire gonger. Det blir difor misvisande å omtale basisutstillinga som ferdig, men inngrepa i utstillinga blir no omtalte som endringar, ikkje som ferdiggjering. Kvar dag er det noko nytt i utstillingane i form av dagens sitat og ferske utgåver av nynorskredigerte aviser.

Arbeidet med det første store inngrepet i basisutstillinga tok til i 2005, og endringane skal vere på plass før sommarsesongen 2006.

I *aktualitetshylla* kjem skifta med ujamne mellomrom. Gjennom året var delar av hylla brukt til temautstillingar. I 2005 la vi fram rundt 55 avisklipp og eigne tekstar om ulike emne.

**9.2 Temautstillingar**
I rommet for temautstillingar viste vi i 2005 fire utstillingar: Dette året blei det laga to nye utstillingar, og Aina Griffin var som vanleg formgivar:

2.1. – 23.6.
*Klassisk kulturarv.* Liner frå Europa til den norske bokheimen (første gong vist september 2004, Bærum)

30.6. – 23.8.
NY *I Edvard Hoems tid.* Edvard Hoem, festspeldiktar 2005

24.8. – 10.11.
*Askerkretsen.* Det kunstnarlege miljøet rundt Hulda og Arne Garborg på Labråten (reprise, første gong vist januar 2001)

11.11 – 31.12.
NY *Med blikk for republikk.* Republikanarar i Noreg gjennom hundre år.

Etter det vi kjenner til, var *Med blikk for republikk* den einaste utstillinga ved eit norsk museum i 2005 som tok opp den republikanske tradisjonen det siste hundreåret.

Temautstillingane blir henta fram att etter behov slik at dei kan bli sett av flest mogleg, og slik at basisutstillinga jamleg er i endring. Ved utgangen av 2005 har vi produsert 16 temautstillingar. Vanlegvis har kvar temautstilling tolv plansjar på 50x50 cm.

**9.3 Forfattarpresentasjonar**
I Forfattarrommet i basisutstillinga presenterer vi heile tida ni forfattarar. Kvart år blir nokre av dei skifta ut. I 2005 gjorde vi to endringar:

21.6.
Reidar Djupedal inn, Tor Jonsson ut
Eva Jensen inn, Hans Skjervheim ut

Til kvar forfattar samlar vi artiklar, intervju og bokmeldingar i ein perm. Permen blir seinare tilgjengeleg i biblioteket, resten av det innsamla materialet blir plassert i artikkelarkivet. Vi låner òg inn gjenstandar som kan knytast til dei ulike forfattarane.

Så langt har vi presentert 23 forfattarar i Forfattarrommet.

**9.4 Vandreutstillingar**
Temautstillingane er spesiallaga til eit rom i utstillinga, men har likevel eit format som gjer det lett å frakte dei og vise dei fram andre stader. Tidlegare år har vi berre kontakta låntakarar som har vore relevante for dei ulike utstillingane, men frå og med november 2003 har vi distribuert ein enkel brosjyre med presentasjonar av temautstillingane vi har laga. Dette førte til ein stor auke i talet på utlån, og vi ser i alle fall to gledelege tendensar: Tidlegare låntakarar kjem gjerne attende og tingar nye lån, noko som viser at utstillingane fungerer godt også utanfor Ivar Aasen-tunet. Vidare har biblioteka blitt gode låntakarar, og biblioteka i Vest-Telemark organiserte sjølve ei eiga reiserute for ei av utstillingane våre der.

I 2005 var det ein merkbar nedgang i talet på utlån av utstillingar. Utstillinga om kaffi-

stover er framleis på vandring i regi av Norske Lagsbruk, og i tillegg til den registrerte vi berre tre utlån.

*Kaffikoppens kulturelle kraft*
Ulike stader, i regi av Norske Lagsbruk

*Musikken i språket*
13.5. – 31.10.
Odda bibliotek, Odda, Hordaland

*Striper, ruter, bobler*
1.5. – 20.6.
Sula bibliotek, Sula, Møre og Romsdal

*I Edvard Hoems tid*
1.9. – 30.9.
Fræna bibliotek, Fræna, Møre og Romsdal

Sidan 2000 har vi i alt hatt 37 utlån av utstillingar i 13 fylke. Med 15 utlån til no har utstillinga *Striper, ruter, bobler* om den nynorske teikneserietradisjonen vore mest populær.




## 9.5 Skuletilbod

Alt frå opningssesongen hadde Nynorsk kultursentrum skuletilbod for alle klassesteg frå barnehage til VK2 i vidaregåande skule. Dette skuletilbodet har vorte revidert og utvida og inneheld no 15 ulike opplegg:

- Barnehage Leit og leik
- 1. klasse Ein skuledag i gamle dagar
- 2. klasse Ut i naturen
- 3. klasse Ivar Aasens oppvekstår
- 4. klasse Teikneseriar
- 5. klasse Dikt
- 6. klasse Ivar Aasen og innsamling av dialektar
- 6. klasse Det ligg mellom linjene – Sverre Fehn
- 7. klasse Den lokale skriftkulturen
- 8. klasse Ivar Aasens verk
- 9. klasse Språk, skrift og teikn
- 10. klasse Skulen som språkleg slagmark
- Grunnkurs Sosiale endringar i språket
- VK1 Skriftlege massemedium
- VK2 Dialektar

45 grupper med til saman 1181 elevar brukte skuletilboda i Ivar Aasen-tunet i 2005, mot 47 grupper med 1094 elevar i 2004. Skuletilbod tilrettelagt og finansiert gjennom vertskommunane og Den kulturelle skulesekken har ført til at alle elvevane i eit årskull i Ørsta og Volda deltek. Dette har gitt oss ein del sikre, lokale besøk. Opplegget for 6. klasse, "Det ligg mellom linjene" kring Sverre Fehn og arkitektur, er døme på ei slik satsing. Mange skuleklassar deltek i tillegg gjennom året på kulturarrangement som er særskilt retta mot dei. Skuleelevane blir då registrerte som enkeltgjester på arrangement. I 2005 utgjorde desse 532 av arrangementsgjestene, mot 843 i 2004. 235 av desse var deltakarar på det oppsøkande skuletilbodet om språk og identitet, "Det undrande språket". Dette tilbodet har vore ein del av samarbeidsprosjektet med Hundreårsmarkeringa Noreg 2005, og blei i 2005 gjennomført på fire ungdomsskular i Asker og Bærum. 297 var deltakarar på arrangementet "Bli kjend med Ivar Aasen".

I tillegg til skuleelevane hadde vi besøk av tre studentgrupper med til saman 60 studentar, mot 82 i 2004. Desse blir registrerte som enkeltgjestar med studentrabatt, eller som grupper dersom dei er fleire enn 15. Studentgruppene bruker gjerne nokre av tilboda retta mot grunnskulen.

Skuletilboda ligg ute på nettstaden og har i tillegg blitt sendt til skulane i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Nord-Gudbrandsdalen hausten 2005. Skulane kan velje fritt mellom dei ulike tilboda, eller dei kan be om spesialtilpassa opplegg. Mange klassar ber om opplegg som inneheld meir enn eitt tema.

I 2005 etablerte vi eit samarbeid med skulekontora i vertskommunane og transportselskapet Buss Møre (Fjord1). Ved arrange-

ment for 3. klassingar og skulebesøk for 6. klasse hausten 2005, i regi av den kommunale delen av Den kulturelle skulesekken, stod transportselskapet for skyss av om lag 600 elevar frå vertskommunane slik at reisekostnadene for kommunane har gått kraftig ned. Slik har Aasen-tunet blitt eit rimelegare og meir tilgjengeleg mål for skulane.

# 10. Arrangement

Målet er at Dei Nynorske Festspela og kulturprogrammet samla sett skal gå minst i null. Dette har vist seg å vere vanskeleg. I 2005 blei resultatet eit underskot på -111 000 kr, mot -23 000 kr i 2004.




Nynorsk kultursentrum har aldri hatt så mange arrangement på eitt år som i 2005. Dette året gjennomførte vi 192 arrangement mot 186 året før. Av dei 192 arrangementa var 102 i eigen regi, mot 128 året før. I alt hadde vi 12 300 gjester på arrangement, som er vel 2000 mindre enn i 2004, men som er på linje med gjestetala for 2002 og 2003.

Vi var ein aktiv arrangør og samarbeidspartnar mange stader i landet også i 2005. Arrangementa var spreidde på 11 kommunar utanom vertskommunane. Det har vore og vil framleis vere eit mål for oss å stimulere til auka nynorsk kulturproduksjon og aktivitet i heile landet.

90 arrangement var utleige eller hadde eksterne arrangørar, mot 58 året før, og desse gav 6500 gjester, mot 5000 året før.

På våre eigne arrangement fall gjestetalet med nesten 40 % frå 2004, som var eit svært godt år i så måte.

## 10.1 Dei Nynorske Festspela

Omsetninga for Dei Nynorske Festspela gjekk ned 8 % frå 1 086 000 kr i 2004 til 998 000 kr i 2005. Også kostnadene blei reduserte, men heller ikkje i 2005 gjekk arrangementet i pluss. Resultatet blei eit underskot på -96 000 kr i 2005, mot -75 000 kr i 2004.

For å leggje grunnlaget for overskot reduserte vi honorar- og reisekostnader for utøvarar med heile 190 000 kr, utan at dette gav noko dårlegare programtilbod til publikum. Det samla gjestetalet auka frå 6000 i 2004 til 6200 i 2005, men vi selde vesentleg færre billettar enn året før. Det ser altså ut til at kostnadsreduksjonen reduserte inntektspotensialet meir enn vi hadde rekna med.

I 2005 flytta vi Festspela ei veke inn i sommarferien for å unngå nokre stemnekollisjonar i høve til andre festivalar. Dette gav ingen synleg positiv effekt, og vi merka at mange gjester i nærområdet har laga seg den gode vanen: først festspel, så ferie. Difor blir Festspela frå 2006 flytta tilbake til jonsokhelga.

Festspela var ein kunstnarleg suksess med 47 arrangement som jamt over heldt høg standard. Festspeldiktaren Edvard Hoem var den mest aktive festspeldiktaren nokon sinne. Han var med på tretten arrangement, var ein publikumsvinnar og konkluderte sjølv med at dette var ei oppleving han vil bere med seg resten av livet.

Med temaet "Dei mange røystene" var Festspela eitt av fleire bidrag frå Nynorsk kultursentrum til hundreårsmarkeringa for unionsoppløysinga, i samarbeid med Hundreårsmarkeringa Noreg 2005. Temaet var ein replikk til deira motto "En egen stemme". Noreg har aldri hatt berre ei stemme, og dette prøvde vi å vise gjennom eit tema som prega festspelprogrammet meir enn nokon gong før.

Vi bygde også vidare på det auka litterære særpreget frå 2004. Publikum kunne gå om bord på "Kjærleikens ferjejazz" frå Volda til Ørsta, ein ferjetur få har vore med på tidlegare. Musikalsk plasserte festkvelden på Volda bygdetun fredag seg som eit høgdepunkt; konserten med Henning Sommerro og Edvard Hoem stod som ein påle. Det

tradisjonsrike Aasen-stemnet spelar framleis ei viktig rolle i programmet, og med ein konsert bygd opp kring tekstar frå Hoems lange diktarliv blei dette ei strålande avslutning.

Etter den snart like tradisjonsrike friluftsgudstenesta og kyrkjekaffien fylte publikum salen til frisk debatt om bibelspråket. Denne typen programplanlegging gjer at fleire blir verande lenger i tunet og dermed på Festspela utover søndagen.

Dei Nynorske Festspela dreiv også språkpolitisk arbeid i praksis dette året. Eit nytt innslag i 2005 var turneringa Dei nynorske golfspela. I samarbeid med NRK P2 arrangerte vi ein konkurranse om dei beste avløysarorda for engelske golfuttrykk, med Ingebjørn Røren frå Ulsteinvik som klar vinnar blant dei mange deltakarane frå alle kantar av landet. I juryen sat Ottar Grepstad (Nynorsk kultursentrum), Jostein Digernes (Volda Golfklubb), Halvor Kleppen (Norsk Golf) og Ålov Runde (Norsk Ordbok 2014).

Dei Nynorske Festspela er etablerte som ei merkevare både publikum, utøvarar og presse kjenner tillit til. Festspela står støtt og fast som eit lokalt og nasjonalt arrangement, men her er det framleis mykje å gjere, særleg nasjonalt. Arrangementet er viktig for verksemda vår både ut frå omsetning i kafé og butikk, merksemd i pressa og samla gjestetal. Vi har i fleire år vore avhengige av vesentleg større basistilskot for å kunne utvikle denne festivalen trygt vidare, og for å spreie betre den risikoen eit slikt arrangement ber i seg. Mykje av risikoen ligg framleis på oss, og vi er diverre for avhengige av billettinntektene. Det har difor vore svært nødvendig å auke dei sikre inntektene, og begge vertskommunane tok eit første steg i rett lei i 2005, med verknad frå 2006.

Arrangementet blei gjennomført med stor innsats frå meir enn 70 frivillige. Desse er gull verdt for Dei Nynorske Festspela i framtida.

Komplett program for Dei Nynorske Festspela 2005 ligg ved.

### 10.2 Kulturprogram vår og haust

Omsetninga for kulturprogrammet svingar ganske mykje frå år til år. I 2005 fall omsetninga for opne arrangement utanom Festspela med 31 % frå 649 000 i 2004 til 450 000 kr. Billettinntektene fall meir enn kostnadene, og resultatet blei dermed eit underskot på -15 000 kr i 2005, mot eit overskot på 52 000 kr i 2004.

I 2005 gjennomførte vi eit vår- og haustprogram med 54 arrangement (utstillingar ikkje medrekna) mot 74 i 2004. Som planlagt hadde vi færre arrangement i Ivar Aasen-tunet enn året før, men like mange på andre stader.

Vårprogrammet blei gjennomført frå 17. januar til 26. mai, og haustprogrammet frå 5. august til 4. desember. Det som i 2004 var tenkt som eit eingongstilfelle med lengre sesongar, blei linja også i 2005. I vårsesongen la vi såleis eit promoarrangement for Dei Nynorske Festspela til Norsk Litteraturfestival på Lillehammer. I haustsesongen valde vi å satse på ei større juleavslutning for born første søndagen i desember. Begge desse arrangementa kravde mykje arbeid, men var store suksessar. Særleg vonar vi at den positive responsen på eit nynorskarrangement under Norsk Litteraturfestival kan stimulere både denne og andre festivalar til fleire slike tilbod i framtida.

Nytt av året, og i pakt med tida, arrangerte vi strikkekafé, og det fekk fleire kvinner enn vanleg til å kome til Ivar Aasen-tunet. Med Boknakaran frå Senja og LoMsk frå Lom på plakaten viste vi også i 2005 at vi gjer krav på å dekkje kulturen i heile landet. Av same grunn, og for å byggje opp mot utgivinga av *Viljen til språk* i 2006, la vi i 2005 årstalen om tilstanden for nynorsk skriftkultur til Oslo – med godt resultat.

Haustprogrammet blei diverre prega av at fleire arrangement måtte avlysast eller utsetjast. Svært vellykka var derimot boknatta, som vi arrangerte for sjette gong. Gjestetala viser likevel at den urbane vanen med å høyre forfattarar lese framleis sit langt inne i nærområdet vårt. Stor lykke gjorde også Jon Eikemo og Aage Vaksdal med Jakob Sande-framsyninga si. Salen i Aasen-tunet var utseld alt før annonseringa tok til, og framsyninga gjekk for smekkfull sal og 350 gjester på Ørsta kulturhus.

Ivar Aasens 192. fødselsdag 5. august blei markert med biletkåseri av eventyraren Jarle

Trå i samarbeid med Naturfestivalen i Ørsta. Etterpå gjekk turen til Helgehornet, og sjeldan har vi hatt så mange mellom tjue og tretti år i Salen.

Fleire eksterne arrangørar brukte Ivar Aasen-tunet til opne tilstellingar. Særleg gledeleg er det at fleire skular bruker scena vår til arrangement, og at salen vår er ei storstove for dei. For andre året på rad blei også den lokale Kidol-finalen avvikla hos oss. Alt slikt er med og gir dei som er born eller unge i dag, eit positivt forhold til Ivar Aasen-tunet.

Komplett kulturprogram ligg ved.

# 11. Kafé og butikk

Etter rekordåret 2003 gjekk den samla omsetninga for butikken og kafeen kraftig ned i 2004, og i 2005 stoppa omsetninga på 869 000 kr, som var 11 % mindre enn i 2004. Det samla overskotet blei likevel 54 000 kr, mot 80 000 kr året før. Kafeen og butikken er altså framleis ein viktig og integrert del av det samla publikumstilbodet.




## 11.1 Kafé og utleige

Omsetninga i *kafeen* minka med 24 % frå 624 000 kr i 2004 til 425 000 kr i 2005. Denne kraftige reduksjonen fordeler seg ganske jamt på vår-, sommar- og haustsesong, og heng saman med at vi har gjennomført færre eigne arrangement og hatt færre utleigearrangement som gir omsetning i kafeen.

Talet på eigne arrangement i Ivar Aasen-tunet minka frå 76 i 2004 til 53 i 2005. Tilbodet om fast søndagsmiddag blei avvikla hausten 2004. Begge delar fekk sitt å seie for omsetninga, men den positive verknaden er reduserte personalkostnader. I staden har programansvarleg og kjøkkenleiar samarbeidt tett om kafétilbod knytt til dei ulike kulturarrangementa.

2005 var første året utan fast avløysar for kjøkkenleiar i sommarsesongen. I standen handterte sommarvikarane sjølve ein enkel meny. Også dette reduserte personalkostnadene, og det ser ut til at tilbodet var tilfredsstillande både for kundar og tilsette.

Kafeen er framleis ein viktig del av det samla publikumstilbodet vårt og skal framleis alltid ha eit mattilbod når Ivar Aasen-tunet er ope. Særmerka for dette tilbodet skal vere høg kvalitet på maten, bruk av gode råvarer, minst mogleg halvfabrikata og varierande meny. I staden for middag tilbyd vi no smakfulle smårettar, i tillegg til kaker, kjeks og kaffi og te.

Sesongane varierer så mykje at det er vanskeleg å reindyrke éin stil, men vi prøver å kombinere det tradisjonelle med det moderne. Vi har utvikla ein eigen gruppemeny, og også ein meny med to- og trerettarsmiddag for ulike typar selskap.

*Utleige* er blitt ein viktig del både av drifta og den allmenne marknadsføringa av institusjonen. Ein ny og påkosta brosjyre om utleigetilbodet vårt blei spreidd vinteren 2005, og sjølv om manglande kapasitet førte til redusert oppfølging, gav denne profileringa resultat. Talet på utleigearrangement auka svært mykje, frå 58 i 2004 til 80 i 2005. Jamt fleire leiger salen til møte, framsyningar, cd-innspelingar og liknande der mat ikkje er inkludert. Dette får negative følgjer for omsetninga i kafeen, men tilfører inntekter på utleigeposten.

Ivar Aasen-tunet er ein møte- og kursstad som skil seg ut frå alle andre tilbod i regionen. Salen fungerer svært bra som møte-, kurs- og konferanselokale. Både offentlege og private institusjonar og bedrifter nytta seg av tilbodet vårt i 2005. Kafeen blei også i 2005 brukt i høve konfirmasjonar og årsdagar.

## 11.2 Butikk

I butikken auka omsetninga med 11 % frå 352 000 kr i 2004 til 392 000 kr i 2005. Av dette utgjorde boksal 196 000 kr eller 50 %.

Omsetninga er såleis på veg opp att mot toppnivået i 2003. Utgivinga av *Nynorsk faktabok 2005* gjorde sitt til at boksalet auka med 28 % i 2005. *Dialektspelet* i salsversjon frå 2002 held framleis koken, i 2005 mykje fordi Noregs Mållag brukte dette som gevinst i  det årlege lotteriet sitt. Teikne- og aktivitetsheftet *Grisen står og hyler* (2004) selde bra også i 2005.

Butikken prøver å føre eit breitt utval av nynorsk litteratur, særleg bøker av og om Ivar Aasen, om nynorsk språk- og kulturhistorie, nynorske barnebøker og bøker av forfattarar som er med i kulturprogrammet vårt. Ivar Aasens *Ordtak i utval* er framleis listetopp. Vi har framleis lydbøker på nynorsk for born, men tilbodet frå utgjevarane er diverre altfor lite.

Butikken heldt i 2005 fram med å utvikle nye eigne varer, med godt resultat. Festspelkruset med originaltekst av Edvard Hoem selde godt, saman med krusa frå tidlegare år. Også ein serie med nye bokmerke selde bra. Det same gjorde eit utval av *tunte* og *naturprodukt* frå Tre Damer – drops, sleikar, viltkrydder, såper og badesalt, mykje takka vere god formgiving av Aina Griffin.

Nettbutikken blei utvikla noko meir i 2005, men arbeidet med å forbetre eksponeringa av varene makta vi ikkje å prioritere dette året.

# 12. *www.aasentunet.no*

2005 var eit nytt rekordår for nettstaden. Gjestetalet enda på 605 000, mot 220 000 året før. For kvart år har nettstaden fått mange nye brukarar. Hausten 2005 var i gjennomsnitt over 15 300 innom kvar veke. Det var om lag like mange som vi hadde på ein heil månad halvanna år tidlegare.

## 12.1 Besøk og bruk

Nettstaden *www.aasentunet.no* blei opna 26.4.2000, to månader før den offisielle opninga av Ivar Aasen-tunet. År for år har vi bygt ut nettstaden i retning av målet om at dette skal vere den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur. Vi tek også mål av oss til at den skal vere betre enn gjengs offentleg standard for nettstader.

Nynorsk kultursentrum tok i 2002 over *www.garborgnett* frå Stiftinga Garborg-året 2001. Denne nettstaden var utvikla spesielt med tanke på tilbod og aktivitetar i skulen. Garborgnett var ikkje aktiv i 2004, men blei igjen tilgjengeleg for nettstadbrukarane i februar 2005.




Statistikken viser at dei fleste brukarane kjem inn på nettstaden gjennom søkemotorar som til dømes Google og Kvasir. Det er særleg fagstoffet i Nettbiblioteket, dvs. stoff om Ivar Aasen og andre nynorskforfattarar, som blir lese. Det kan tyde på at mange studentar, lærarar og andre fagfolk finn eit tilbod på www.aasentunet.no som dei ikkje finn andre stader.

I februar gjennomførte vi ei nettbrukarundersøking der 112 av nettgjestene svarte. Vi fekk inn svar frå alle delar av landet, med ei overvekt på nordvestlandet. Dei fleste (57 % ) av respondentane var på leiting etter informasjon om Ivar Aasen eller Aasentunet. 57 % svarte at eiga interesse var deira viktigaste årsak til å gjeste nettstaden, og 50 % av dei som svarte var anten elevar, studentar eller lærarar. Aldersspreiinga på respondentane var god, med ei jamn fordeling på nettstadbrukarar mellom 15 og 60 år.

Statistikken viser at kvar nettgjest gjennomsnittleg ser på færre enn 2 sider på nettstaden. Dette tyder på at dei som kjem inn gjennom søkemotorane, finn det dei har søkt etter, og sidan går bort frå nettstaden igjen. Det er derfor ei viktig utfordring framover å halde på dei gjestane vi har, gjennom at dei kan finne meir og anna interessant informasjon når dei først er innom.

Ved utgangen av 2005 var om lag 2350 dokument tilgjengelege på nettstaden. Det var 450 fleire enn eitt år tidlegare. Dagens Ord-arkivet inneheldt ved årsskiftet om lag 400 ord. Med 415 dokument utgjorde *Nynorsk faktabok 2005* ein vesentleg tilvekst til nettstaden då heile boka blei publisert også digitalt 19.9.

**12.2 Nettbiblioteket**

Nettbiblioteket er ein viktig del av vår dokumentasjon i digital form. Biblioteket skal innehalde sentrale og kuriøse tekstar frå heile historia til den nynorske skriftkulturen. Til no har vi konsentrert publiseringa om tekstar som har falle i det fri opphavsrettsleg, dvs. av forfattarar som døydde før utgangen av 1935.

I 2005 publiserte vi 7 nye tekstar i Nettbiblioteket, som ved utgangen av året inneheldt 942 tekstar av eller om 124 forfattarar. Til dette kjem *Skriftir i Samling I-VII* av Arne Garborg, og ei mengd bøker og tekstar av Ivar Aasen.

# 13. Informasjon

Dei samla salskostnadene i 2005 var på 541 000 kr mot 568 000 kr i 2004. Vi følgde stort sett etablert praksis for annonsering og produksjon og distribuering av trykksaker, men brukte mindre på riksdekkjande marknadsføring enn åra før.

Administrasjonen har også i 2005 praktisert open informasjon og svara på alle dei spørsmåla som har kome. Styresmaktene slo i 2000 fast at offentleglova ikkje gjeld for oss. På eige initiativ praktiserer vi frå og med 2004 offentleglova så langt den høver, blant anna med offentleg tilgjengeleg postjournal. Vi tek også omsyn til arkivlova med tanke på det privatarkivet Aasen-tunet representerer.

**13.1 Presse og kringkasting**

Nynorsk kultursentrum fører ein aktiv informasjonspolitikk med pressemeldingar og annonsar i samband med alle arrangement. Det blir også sendt ut pressemeldingar om sentrale kulturpolitiske spørsmål og fagartiklar til dagspresse og tidsskrift. I alt sende Nynorsk kultursentrum ut om lag 80 pressemeldingar i 2005 mot 60 året før. Dei aller fleste av desse blei også publiserte på nettstaden.

I samband med lanseringane av kulturprogramma var programansvarleg og informasjonsleiar på besøk hos utvalde redaksjonar. Festspelprogrammet blei lansert med eigen pressekonferanse i Aasen-tunet og i Oslo, til same tid. Dessutan blei *Nynorsk faktabok 2005* lansert på ein open pressekonferanse i Oslo.

I mai hadde vi besøk frå vekebladet Familien, som laga ein firesiders biletreportasje frå Aasen-tunet i serien "Norske forfatterhjem". Journalistar frå "Språket" i SVT, tysk radio, Svenska Dagbladet og Hufvudstadsbladet laga også reportasjar frå Ivar Aasen-tunet. "Radio Røynda" frå NRK P1 er blitt eit journalistisk kultfenomen. I ein tv-versjon på tre program våren 2005 spelte Ivar Aasen-tunet ei kort, men sentral rolle.

I samarbeid med Noregs Mållag og LNK gjekk vi våren 2005 over frå medieklippteneste på papir frå Observer til digital klippteneste frå iFoqus.

**13.2 Trykksaker**

I 2005 gav vi ut to nummer av meldingsbladet *Symra*. Dei kom i januar og september med eit opplag på om lag 10 000 kvar, og inneheldt smånotisar og oversyn over kulturprogrammet. Som før om åra blei bladet distribuert både etter faste adresselister og til alle husstandane i Ørsta og Volda.

Dei Nynorske Festspela hadde i 2005 same grafiske profilen på alle trykksakene. Fuglefjellet v/Ingvild Mork var formgivar for både plakat, programavis, brusetikettar, annonsemalar og festspelbanner, som var prega av eit motiv av festspelkunstnar Per Kleiva. Det blei også laga t-skjorter med festspelmotiv.

Festspelavisa var som tidlegare år ei eigenprodusert avis i tabloidformat, 24 sider i fire fargar. Avisa blei trykt i 41 000 eksemplar og distribuert som istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten fredag 10.6., dessutan etter våre eigne adresselister.

Det blei også sendt ut ein eigen programfaldar til alle husstandane i Volda og Ørsta.

Festspelplakaten blei trykt i 500 eksemplar og m.a. send til bibliotek, kulturhus og rådhus i utvalde kommunar.

I 2005 blei det også produsert ein eigen plakat for å marknadsføre utstillinga om sommaren. Denne blei trykt i 250 eksemplar og distribuert til utvalde nynorskkommunar, turistinformasjonar og fleire andre stader lokalt.

### 13.3 Annonsering

Alle kulturarrangement blei annonserte i lokalavisene i Ørsta og Volda, i fleire annonsar i Sunnmørsposten, einskilde andre lokalaviser på Sunnmøre og i Dag og Tid.

I samband med Dei Nynorske Festspela blei det i 2005 litt meir riksannonsering enn året før, medan den lokale annonseringa var om lag på same nivå som året før. Heile programoversynet blei mellom anna publisert i både Sunnmørsposten og Regionavisa.

Vi var også i 2005 med i Ørsta Reiselivslag si marknadsføring av regionen og hadde både redaksjonell omtale og eigne lysingar i deira trykksaker. Vi var dessutan med i to-tre nettkatalogar med oversyn over museum og/eller kulturreisemål.

### 13.4 Reiselivssamarbeid

Som medlem i Ørsta reiselivslag og i Destinasjon Ålesund og Sunnmøre har vi mellom anna vore med i FjordNorge sine katalogar over reisemål, i tillegg til at Ivar Aasen-tunet er nemnt som reisemål i brosjyrar og anna trykt materiell frå reiselivslaga.

Saman med andre reiselivsbedrifter i Ørsta og Volda var vi med på ei lokal yrkesmesse for tiandeklassingar i januar. Vi marknadsførte dessutan Dei Nynorske Festspela under landsmøtet til Noregs Mållag i Tromsø i april, og på LNK-tinget i Rauland i april.

# 14. Besøk

Nynorsk kultursentrum hadde 16 379 gjester i 2005 mot 18 809 i 2004 og 18 401 gjester i 2003. Til og med 2004 hadde gjestetalet vore svært stabilt frå år til år. Frå og med 2005 la vi om til eit større satsing på nettstaden, vel vitande om at det kunne redusere talet på vanlege gjester. Det er svært viktig for oss å vere tilgjengelege og til nytte for publikum langt utanfor nærområdet, og då er nettstadsatsinga eit viktig grep.




4100 gjesta utstillingane, mens 12 300 var til stades ved arrangement. Arrangementa har stått for ein aukande del av gjestene over fleire år, men det ser ut til at denne endringa no flatar ut. I 2005 utgjorde såleis utstillingsgjestene 25 % av det samla gjestetalet, mot 24 % i 2004 og 33 % i 2003.

Frå og med opningssesongen 2000 har Nynorsk kultursentrum til no hatt 110 200 gjester.

Tobias Vinjevoll (4) frå Hønefoss blei gjest nr. 100 000 i Ivar Aasen-tunet torsdag 30. juni 2005, under eit barnearrangement på Dei Nynorske Festspela.

Når nettstadgjestene er rekna med, blir tala endå større. Ordbokredaktør Dagfinn Worren i Oslo blei såleis gjest nr. 1 million hos Nynorsk kultursentrum då han laurdag kveld 29. oktober klikka seg inn på www.aasentunet.no.

### 14.1 Gjesteprofil

ABM-utvikling publiserte museumsstatistikk for 2004 i desember 2005. Denne inneheld ingen informasjon om nettstadbruk, men mykje informasjon om vanlege gjester.

14 museumseiningar i Møre og Romsdal rapporterte i 2004 om eit samla besøk på 250 000 (nyare tal ligg ikkje føre enno). Av desse var 185 000 betalande. Nynorsk kultursentrum stod for 7,5 % av det samla gjestetalet ved musea i fylket, mot 7,3 % i 2004. Vi hadde også dette året høvesvis flei-

re betalande gjester enn det som er vanleg ved norske museum, medan gruppegjester utgjorde ein lågare prosentdel enn gjennomsnittet i både fylke og for heile landet. Vaksne gjester utgjorde ein større del av samla gjestetal enn gjennomsnittet for andre museum, og ein større del av gjestene våre fekk eit pedagogisk tilbod enn det som er vanleg.

I 2005 gjesta 3974 barn og unge tilboda våre, mot 3968 i 2004. Det vil seie at kvar fjerde gjest høyrde til i denne aldersgruppa. Dette er også profilen over tid. Sett under eitt sidan opninga i 2000 utgjer barn og unge 25 % av det samla gjestetalet. Kor mange barn og unge som bruker tilboda våre på nettstaden, er ukjent.

Om lag 1800 av gjestene i 2005 deltok på 77 bestilte omvisingar knytte til ulike tema. Av desse var 25 vaksne grupper, medan 52 var skuleklassar og studentgrupper. Året før hadde vi 2300 slike gjester på 126 bestilte omvisingar. Særleg vaksne grupper blei det mange færre av i 2005. Samstundes gjekk prosentdelen av dei gjestene som tingar omvising opp frå 38 % til 44 % av samla tal for gjester i utstillingane.

I sommarsesongen fekk gjestene tilbod om omvising i tunet kvar heile time.

**Tabell 1. Gjesteprofil etter aktivitet og år 2003-2005**
Prosent

| | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|
| Kulturprogram | 22 | 29 | 18 |
| Festspela | 38 | 32 | 38 |
| Utleige | 13 | 18 | 21 |
| Utstillingar | 27 | 22 | 23 |
| **Sum** | **100** | **101** | **99** |

Tabell 1 syner både at gjesteprofilen endrar seg med tida og at sviningane er store frå år til år. Utleigegjestene utgjer no ein nesten like stor del av samla gjestetal som utstillingsgjestene, og Dei Nynorske Festspela er med åra blitt viktigare for det samle gjestetalet.

Tabell 2 syner ei jamnare fordeling mellom sesongane enn det som er vanleg ved slike institusjonar. Etter opningssesongen 2000 er det likevel ein tydeleg tendens til at sommarsesongen blir jamt viktigare. Fordelinga mellom sesongane gjer det likevel framleis mogleg å utnytte ressursane optimalt og at arbeidspresset er ganske jamt året gjennom.

**Tabell 2. Gjester etter sesong 2000–2005**
Prosent

| | Vår | Sommar | Haust |
|---|---|---|---|
| 2000 | | 66 | 34 |
| 2001 | 31 | 41 | 28 |
| 2002 | 24 | 45 | 31 |
| 2003 | 17 | 51 | 20 |
| 2004 | 23 | 50 | 27 |
| 2005 | 26 | 52 | 22 |

## 14.2 Opningstider

Opningstidene har vore dei same sidan opningssesongen, med utvida opningstider under Dei Nynorske Festspela, og ope enkelte dagar i dei store høgtidene. Til saman var Ivar Aasen-tunet ope for publikum om lag 1650 timar, som i 2004. Etter ei undersøking sommaren 2004 fann vi grunnlag for å stengje ein time tidlegare i helgene heile året:

*2. januar–14. juni*
Måndag–fredag 10–16, søndag 13–18

*15. juni–15. august*
Måndag–fredag 10–17, laurdag og søndag 12–17

*16. august–22. desember*
Måndag–fredag 10–16, søndag 12–17

## 14.3 Billettprisar

Den prismodellen som blei utvikla for opningssesongen, blei ført vidare i 2005. For besøk i utstillingane var det faste prisar heile året, og frå nyår auka vi prisen noko for enkeltbillett vaksen og for familiebillett:

- Vaksne 70,00
- Barn (6–16), honnør, student 35,00
- Familie (inntil to vaksne) 150,00
- Grupper (minst 15 personar) 35,00 pr person
- Skuleklassar 20,00 pr person
- Barnehagar 10,00 pr person
- Utstillingar i Galleriet 30,00

- NAF-medlemmer ("Show your card") 35,00

Under Festspela hadde gjester med billett til arrangement fritt tilgjenge til utstillingane same dagen.

Nynorsk kultursentrum har like sidan opningssesongen lagt vekt på å venje publikum til at kvalitet kostar, men at publikum skal få valuta for pengane. Over tid må difor prisane justerast oppover, samstundes som tilbodet også skal romme høveleg mange arrangement som er gratis eller kostar svært lite. For arrangement varierte prisane frå 20 til 200 kr. Dei mest brukte billettprisane var 50 og 80.

Under Festspela hadde vi som før om åra både gratistilbod, svært rimelege arrangement og nokre dyrare. Publikum kunne løyse festspelpass til 1000 kr som gav tilgjenge til alle arrangement. I enkelte høve var det også mogleg å kjøpe fellesbillett for fleire arrangement.

### 14.4 Billettsystem

Nynorsk kultursentrum automatiserte i 2005 billettsystemet for både arrangement og utstillingar. Vi gjorde ein avtale med iTicket som innebar at vi omsette heile billettprogrammet deira til nynorsk, mot eit vesentleg avslag i prisen. Det nye billettsystemet gjer det mogleg for publikum å kjøpe billettar til alle arrangement også på Internett, via vår eigen nettstad eller www.billettluka.no.

# 15. Økonomi

Inntektene gjekk ned med 129 000 kr eller 1 % frå 9,971 mill. kr til 9,842 mill. kr. Driftskostnadene blei reduserte med 141 000 kr eller 1 % frå 9,873 mill. kr til 9,732 mill kr. Den ordinære drifta har dermed stabilisert seg rundt 10 mill kr.

### 15.1 Investeringar og drift

Den sterke auken i *inntekter* dei siste åra flata ut i 2005 og enda i ein mindre reduksjon.

I 2005 gjekk eigeninntektene, dvs. inntekter utanfor ordinært driftstilskot frå staten, ned med 300 000 kr til 2,6 mill kr, frå 2,9 mill. kr i 2004. Eigeninntektene utgjorde 25 % i 2005, mot 24 % i 2004 og 2003. Eigeninntektene for nasjonale museumsinstitusjonar varierer mykje. Sett under eitt utgjorde desse 41 % av dei samla inntektene i 2004.




Frå eit høgt nivå i både 2003 og 2004 fall billettinntektene frå 708 000 kr i 2004 til 450 000 kr i 2005. Billettinntektene gjekk ned for både festspel, kulturprogram og utstillingar.

Omsetninga over kassa enda på 1,4 mill. kr mot 1,7 mill kr i 2004. Tabell 3 syner korleis denne omsetninga fordeler seg på dei ulike driftsområda. Kafeen utgjer jamt over om lag 40 % av omsetninga over kassa, butikken aukar sin del kraftig, medan særleg utstillingsbillettar utgjer ein minkande del av omsetninga.

**Tabell 3. Kassaomsetning etter driftsområde 2003–2005**
Prosent

| | 2003 | 2004 | 2005 |
|---|---|---|---|
| Billettar utstilling | 8 | 9 | 10 |
| Billettar arrangement | 29 | 31 | 24 |
| Butikk | 22 | 21 | 29 |
| Kafé og utleige | 41 | 40 | 37 |
| **I alt** | **100** | **101** | **100** |

Omsetninga pr. gjest gjekk ned frå 90 kr i 2004 til 80 kr i 2005. Det ligg ikkje føre offisiell statistikk som gir samanlikningsgrunnlag, men vi veit dette er svært høge tal til å vere i vår bransje.

Etter ein sterk auke i *kostnadene* i både 2002 og 2003 blei desse reduserte med 150 000 kr i 2004 og nye 145 000 kr i 2005.

Også lønskostnadene auka mykje mindre enn dei tidlegare åra, men utgjorde likevel i 2005 55 % mot 53 % i 2004 og 50 % i 2003.

Det er viktig at denne prosentdelen ikkje blir særleg større, slik at handlefridomen og fleksibiliteten i drifta framleis kan vere der.

Nesten alle andre kostnadsgrupper kom ut med lågare summar enn i 2004. Berre avskrivingar og drifta av lokale representerte høgare kostnader, etter at vi i 2005 kjøpte nye pc-ar og flatskjermar til alle kontora. Planlagt og nødvendig vedlikehald blei i hovudsak gjennomført, men nokre planlagde endringar i basisutstillinga blei utsette til 2006.

**15.2 Prosjekttilskot**

Nynorsk kultursentrum hadde i 2005 større inntekter frå prosjekttilskot enn nokon gong før – til saman 653 000 kr, mot 605 000 kr i 2004. Dei viktigaste var desse:

- Noreg 2005: 200 000 kr til Dei Nynorske Festspela, formidlingsprosjektet "Det undrande språket", temautstillinga *Med blikk for republikk* og Nettbiblioteket. I rekneskapane for 2003 og 2004 er det inntektsført 200 000 kr frå same avtalen
- Norsk kulturråd: 150 000 kr til registrering av Djupedal-samlinga
- Fritt Ord: 100 000 kr til arbeidet med boka *Viljen til språk*
- ABM-utvikling: 75 000 kr til Nynorsk kulturkatalog
- Møre og Romsdal fylke: 58 000 kr til Dei Nynorske Festspela
- Volda kommune: 25 000 kr til Dei Nynorske Festspela
- Ørsta kommune: 25 000 kr til Dei Nynorske Festspela
- Bærum kommune: 20 000 kr til formidlingsprosjektet "Det undrande språket"

**15.3 Sponsoravtalar**

Inntektene frå sponsoravtalar gjekk ned frå 436 000 kr i 2004 til 343 000 kr i 2005. Dette året hadde Nynorsk kultursentrum avtalar med fem hovudsponsorar: Sparebanken Volda Ørsta, Sunnmørsposten, Tussa Kraft, Widerøe's Flyveselskap og Ørsta Stål. Desse avtalane er knytte til blant anna arbeidet med å byggje ny utescene.

Dei Nynorske Festspela hadde i tillegg desse sponsorane: Bama, Brænne Mineralvatn, Duni, Friele, Gilde, Hansa, Ole Ringdal, Sparebanken Volda Ørsta, Tine, Westres Bakeri. Brænne Mineralvatn laga også i 2004 eigen festspelbrus.

Den avanserte videoprosjektøren i Salen måtte skiftast ut i 2005. Frå Norsk Hydro overtok vi maken kostnadsfritt.

Nynorsk kultursentrum takkar sponsorane!

**15.4 Samfunnsrekneskap**

Nynorsk kultursentrum skapte verdiar for mange i 2005:

- 1 236 000 kr i skattetrekk og 682 000 kr i arbeidsgivaravgift, til saman 1 918 000 kr, mot 1,8 mill. kr i 2004. Dette utgjorde 20 % av samla kostnader i 2005.
- 4,9 mill kr i bruttolønn, mot 4,7 mill kr året før. Frå og med 2000 har Nynorsk kultursentrum betalt lønn til personar busette i om lag 90_kommunar over heile landet.
- 468 000 kr i honorar til utøvarar ved kulturarrangement og under Dei Nynorske Festspela, mot 576 000 kr i 2004.

Ved dei 14 museumseiningane i Møre og Romsdal som rapporterte for 2004, blei det utført til saman 106 lønte årsverk. Nynorsk kultursentrum stod for 12 % av desse.

Våren 2005 la vi fram ein enkel analyse av dei økonomiske ringverknadene av ein kulturinstitusjon som vår, for åra 2000–2004. Vi omsette for om lag 42 mill kr i denne perioden.

Summen kan delast i tre: På desse åra brukte, investerte og sparte det tilsette om lag 13 mill kr. Institusjonen betalte nær 8 mill kr i skattar og avgifter. Institusjonen kjøpte varer og tenester for vel 21 mill kr.

Den første faktoren er løn. Etter fem års drift hadde Nynorsk kultursentrum betalt ut løn til medarbeidarar i 85 kommunar fordelt på alle fylka. Utbetalingar til enkeltpersonar i form av næringsinntekt kom i tillegg. Når vi ser bort frå honorar til utøvarar, hadde vi betalt løn til 40 medarbeidarar som var busette i vertskommunane. I tråd med andre undersøkingar kan vi rekne med at minst 70 % av den utbetalte løna til desse endar som forbruk og investeringar i lokalsamfunna, der to bygdebyar med eit godt utvikla vare-

og tenestetilbod ligg berre ei mil frå kvarandre. Dei tilsette la såleis att minst 9 mill kr i vertskommunane.

Den andre faktoren er kjøp av varer og tenester. Vi handlar lokalt så sant det er mogleg, også om det stundom blir noko dyrare. Til og med 2004 hadde minst 15 mill kr hamna i Ørsta og Volda. Det vil seie at vi handla 75 % lokalt.




Den tredje faktoren er skatteinntektene. Systemet med rammeoverføringar frå staten til kommunane verkar her inn slik at når dei kommunale skatteinntektene aukar, går gjerne andre overføringar til kommunane ned, og omvendt. I alle høve hadde vi til og med 2004 betalt 7,7 mill kr i skattar og avgifter. Av dette gjekk om lag 3,5 mill kr, eller 45 %, til Volda og Ørsta.

Lokalt forbruk og investeringar hadde saman med dei direkte skatteinntektene tilført lokalsamfunna 27,5 mill kr på fem år. Det vil seie at to av tre kroner frå omsetninga vår gjekk til dei to lokalsamfunna i form av skattar, forbruk og investeringar. På dei same fem åra ytte dei to vertskommunane til saman 125 000 kr i tilskot, til Dei Nynorske Festspela.

Den kulturøkonomiske verdien av institusjonar som vår er med andre ord stor.

# 16. Politikk

Dei viktigaste endringane for nynorskbrukarane i 2005 var at det blei etablert eit klart politisk fleirtal i Stortinget for å realisere planane for *Nynorsk digitalt leksikon*, at ein underskriftsaksjon i regi av Noregs Mållag viste at kravet om å sleppe nynorskbrukarane til redaksjonelt i dei store osloavisene står sterkt, og at styresmaktene no vil syte for at det blir vesentleg meir stoff på nynorsk på statlege nettstader.

## 16.1 Strategi for ein nasjonal kulturinstitusjon

Både formelt og gjennom praksis er Nynorsk kultursentrum ein nasjonal institusjon. Vi har 20 stiftarar i ryggen. Blant desse er fire av dei fem universiteta, alle dei viktige nynorskinstitusjonane, fleire fylkeskommunar og kommunar, og fleire forskingsinstitusjonar. Desse stiftarane utgjer i seg sjølv ei viktig samarbeidsflate.

Kvalitet skal vere eit særmerke for all verksemd i regi av Nynorsk kultursentrum.

Vi skal ha nasjonal spisskompetanse på dokumentasjon på nynorsk om nynorsk, med særleg vekt på kulturhistorie i vid tyding, det regionale og det biografiske. Vi skal vere tilgjengelege, synlege og til nytte for nynorskbrukarane og for andre som ønskjer å bruke tenestene og kunnskapen vår. Vi ønskjer å knyte til oss enkeltpersonar utanfor institusjonen som ein del av den kompetansen vi har til rådvelde for å løyse dei faglege hovudoppgåvene fram mot 2013.

Både økonomisk og på anna vis er det krevjande å drive ein nasjonal institusjon utanfor hovudstaden. Både massemedia og publikum har lett for å oppfatte slike institusjonar som lokale, sjølv om ein nasjonal institusjon i Oslo kan ha eit like avgrensa nedslagsfelt. Vi må difor bruke ein god del ekstra tid og pengar, ikkje minst reisekostnader, for å gjere den nasjonale profilen mest mogleg tydeleg.

Nynorsk kultursentrum spelar ei sjølvstendig og kritisk rolle i høve til styresmaktene. I dette ligg at vi er ein aktør i den norske offentlegheita både nasjonalt, regionalt og lokalt, og kritisk og konstruktivt er med og styrkje den nynorske skriftkulturens plass i det norske samfunnet. Det er ikkje vår oppgåve å utøve noko forvaltningsansvar for det offentlege på arbeidsfelta våre, men tvert om øve press mot dei som har det ansvaret. Staten kan på si side ikkje påleggje institusjonen å gjennomføre bestemte tiltak innanfor norsk språkpolitikk. Derimot stiller Nynorsk kultursentrum sin kompetanse til rådvelde

for tiltak som kan styrkje nynorsk skriftkultur.

Ivar Aasen-tunet som opplevingssenter omfattar både utstillingar, kulturprogram, festspel, butikk og kafé. I verksemda vår er det likevel ikkje eit skarpt skilje mellom formidling og fagleg arbeid, eller mellom dokumentasjon og oppleving. Innhaldet i publikumstilbodet kan ikkje berre målast i publikumstal. Det er også viktig at arrangement, utstillingar og tilbodet i kafé og butikk er av høg kvalitet. Mange av arrangementa våre hadde ikkje blitt til om ikkje vi hadde skipa dei til, og det kunstnarlege nivået på tilskipingane er jamt over høgt. Vi legg vekt på å skipe til både arrangement og utstillingar som har gjenbruksverdi, slik at dei kjem til nytte i det vidare faglege arbeidet.

Ivar Aasen-tunet som dokumentasjonssenter har to hovudoppgåver: Ta vare på viktig dokumentasjon for ettertida, og aktivisere viktig dokumentasjon i kulturskapande verksemd. Dette dokumentasjonssenteret har eit digitalt tyngdepunkt i nettstaden www.aasentunet.no. Nettstaden vil ha svært mykje å seie for rolla til Nynorsk kultursentrum som nasjonal dokumentasjonsinstitusjon. Publisering av ulike typar tekstar vil prege nettstaden:

- Nøkkeltekstar frå den nynorske skriftkulturens historie, både sakprosa og skjønnlitteratur
- Spesialskrivne artiklar om sentrale emne innanfor nynorsk skriftkultur
- Basistekstar på fleire språk om Ivar Aasen og nynorsk
- Talar, artiklar og nyheitsstoff frå eiga verksemd

Nyvinningane til fordel for nynorskbrukarane og nynorsk skriftkultur generelt er nesten alltid resultatet av samordna og målretta innsats frå mange hald. Nynorsk kultursentrum legg sterk vekt på samarbeid og samordning med både den organiserte målrørsla og sentrale nynorskinstitusjonar om oppgåver som kan gi resultat.

### 16.2 Årets nynorskbrukar

Nynorsk kultursentrum deler kvart år ut prisen *Årets nynorskbrukar* til personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktisk arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skaper større allmenn forståing for nynorsk. Styret i Nynorsk kultursentrum er jury for prisen.

I 2005 gjekk prisen til forfattaren *Kjartan Fløgstad* for framifrå og verdfull dokumentasjon av viktige trekk i norsk kulturhistorie og for at han med pamfletten *Brennbart* dreiv fram ein av dei viktigaste og mest avklarande språkpolitiske debattane i seinare tid.

Prisen var 25 000 kr, eit eksemplar av Dialektspelet og eit grafisk blad av Arne Nøst, og blei overrekt av kultur- og kyrkjeminister Valgerd Svarstad Haugland under opningshøgtida for Dei Nynorske Festspela 29.6.

Til no har desse fått prisen:

2000 Høgsterettsdomar Karl Arne Utgård, Hamar
2001 Hotelldirektør og visepresident i NHO, Gerd Kjellaug Berge, Selje
2002 Ringstabekk skole, Bærum
2003 Redaktør Martin Toft, Oslo
2004 Musikkgruppa Side Brok, Bergen/Oslo/København
2005 Forfattar Kjartan Fløgstad, Oslo

### 16.3 Kulturpolitisk arbeid

Nynorsk kultursentrum førte vidare det omfattande kulturpolitiske arbeidet sitt i 2005. Dette gav gjennombrot for prosjektet *Nynorsk digitalt leksikon*. Vi arbeidde også mykje med å få fram kor viktig det er at *statlege nettstader* bruker mykje meir nynorsk, og behovet for målretta tiltak for *elevar med nynorsk* som hovudmål i grunnskulen.

I nært samarbeid med Det Norske Samlaget oppnådde vi i 2005 gjennombrot for planane for *Nynorsk digitalt leksikon*. Stortinget slutta seg til eit framlegg frå regjeringa Stoltenberg i statsbudsjettet om å løyve 1,5 millionar kroner i 2006. Vi er svært glade for at alle partia utanom Framstegspartiet stod bak denne tydelege komitémerknaden:

"*Fleirtalet* i komiteen, alle unnateke medlemene frå Framstegspartiet, viser til framlegget i St.prp. nr. 1 Tillegg nr. 1 (2005-2006) om ei løyving på 1,5 mill. kroner til oppstart av arbeidet med eit nynorsk digitalt leksikon på Internett. *Fleirtalet* har merka seg at ny-

norskelevar både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen treng oppdaterte kunnskapskjelder, og at det i dag ikkje finst noko oppdatert leksikontilbod på nynorsk. *Fleirtalet* meiner vidare at eit allment leksikon på nynorsk på Internett vil vere eit viktig bidrag til ei systematisk styrking av den nynorske skriftkulturen, slik stortingsfleirtalet slutta seg til ved handsaminga av St.meld. nr. 48 (2002-2003) Kulturpolitikk fram mot 2014. *Fleirtalet* ser det som tenleg at eit nynorsk digitalt leksikon blir gratis for brukarane og er opptatt av at leksikonet får høg kvalitet og breidd på innhaldssida. *Fleirtalet* har merka seg prosjektsøknaden frå Det Norske Samlaget og Nynorsk kultursentrum, som legg vekt på å trekke vekslar på den samla fagkompetansen som fins i nynorskmiljø og nynorskinstitusjonar.

*Fleirtalet* meiner det er viktig at arbeidet med eit slikt leksikon kan begynne allereie i 2006."

Det prosjektet som eit samla nynorskmiljø har sagt er det viktigaste nye nynorsktiltaket, kan no altså bli realisert. Her skjedde mykje i 2005. Det andre ytterpunktet kan tidfestast til februar 2005. Då sende Nynorsk kultursentrum ei høyringsfråsegn til Utdannings- og forskingsdepartementet om *Strategi for digitale læringsressursar*. Vi viste her til at ingen av dei tre omfattande dokumenta i saka tok opp spørsmålet frå det overordna strategidokumentet *eNorge 2005* om kor viktig det er å "sikre bruk og utvikling av norsk (både bokmål og nynorsk) og samisk språk i en verden som blir stadig mer preget av angloamerikansk kultur." Den språkpolitiske sida av saka var verken inkludert i kjernekomponentane, rammefaktorane eller styringsverktøya. Heller ikkje kunne vi finne noko spor av at det frå og med 2004 er offisiell norsk politikk at åra fram til 200-årsjubileet for Ivar Aasen skal brukast til ei systematisk styrking av nynorsk skriftkultur. Vi meinte difor det var nødvendig at den som skal utvikle strategiar for digitale læringsressursar, frå første dag tek med det viktige og sektorovergripande tiltaket som *Nynorsk digitalt leksikon* er.

I mars 2005 sende vi høyringsfråsegn til Moderniseringsdepartementet om den nye *bokavtalen* som skulle gjelde frå juni same året. Med kulturmeldinga som politisk premiss peikte vi på at mogleg utilsikta verknader av at rammevilkåra for bokbransjen blir liberaliserte ikkje var vurderte, og at regjeringa måtte få på plass tiltak som kunne sikre tilgangen på læremiddel på begge målformer før gjeldande avtalevilkår blei endra.

*Nynorsk faktabok 2005* inneheld mykje ny og oppdatert dokumentasjon om den norske språksituasjonen. I boka publiserte vi ei undersøking som Språkrådet hadde utført på oppmoding frå Nynorsk kultursentrum. Den viste at statsforvaltninga ikkje gjer som Stortinget har føresett om bruk av nynorsk på Internett. Berre på tolv av 173 statlege nettstader var minst om lag 25 prosent av dokumenta på nynorsk i august 2005. Vi definerte dette som eit leiaransvar, og peikte på at den nye regjeringa her har ei formidabel oppgåve med å få 161 toppleiarar i statlege forvaltningsorgan til å gjere som dei folkevalde seier. Det vekte stor oppsikt at vi også sette namn på ti av verstingane på dette punktet – inkludert forsvarssjefen, arbeidsdirektøren, barneombodet og direktøren ved det nye Nasjonalmuseet for kunst.

Regjeringa Stoltenberg følgde raskt opp. I *St.meld. nr. 7 (2005-2006) Målbruk i offentleg teneste*, lagd fram 21. desember 2005, er ordbruken tydeleg og uvanleg skarp: "Regjeringa ventar no at alle statlege leiarar tek på seg det ansvaret dei har, og gir eit klart og utvitydig signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane heretter skal følgjast til punkt og prikke. Eventuelle problem i samband med dette må ein aktivt freista å finna formålstenlege løysingar på. Etter kvart som den statlege språkkonsulenttenesta blir bygd ut, vil ein frå sentralt hald yta hjelp og støtte så langt ressursane strekk til." I meldinga skriv også regjeringa at "i løpet av eit par år bør ein ha kome så langt at det store fleirtalet av statsorgan kan dokumentera minst 25 pst. nynorsk." Vidare heiter det:

"Eit strategisk viktig startpunkt for ei nødvendig intensivering av det statlege måljamstillingsarbeidet er å rydda opp på dei statlege heimesidene på Internett. Ei særskild kartlegging som vart gjennomført i august 2005, viste at det var svært lite nynorsk å

finna på dei fleste av desse nettstadene, gjennomgåande langt under 25 pst.

Dette er bakgrunnen for at regjeringa i det politiske grunnlagsdokumentet sitt har funne det nødvendig å streka under at offentlege nettstader skal følgja mållova. Nettstaden eller heimesida er på mange måtar det andletet som institusjonane viser fram for omverda. Her er det derfor særleg om å gjera at den nynorske målforma er godt synleg. Dette må såleis bli ei prioritert oppgåve i den aller nærmaste tida."

Nynorsk kultursentrum ser fram til å følgje opp dette i nært samarbeid med Språkrådet og andre nynorskinstitusjonar.

Vi har i fleire år uroa oss over at få har vore opptekne av situasjonen for elevar med nynorsk som hovudmål. Også i 2005 var det ein del merksemd om leseundersøkingar, no særleg fordi det synte at mange nynorskelevar slit med lesing og skriving. Nynorsk kultursentrum viste her til at dette burde verken overraske departement, statsforvaltning eller skule-Noreg. Vi peikte på at det offentlege på få år har brukt mange millionar kroner på spenstige lesekampanjar, i tillegg til dei store summane som Den kulturelle skulesekken blir fylte opp med. Dette er verdifulle tiltak, men felles for desse satsingane er at dei har vore fri for språkpolitiske føringar. Dermed møter nynorskelevar i skulen endå meir bokmål enn dei gjorde før, og det blir knapt nokon nynorskelev betre av. Nynorsk kultursentrum har peikt på dette ved fleire høve tidlegare, og vi merka oss med stor glede at synspunkta no er i ferd med å bli fanga opp av dei instansane som kan gjere noko med dette.

I samband med turneringa Dei nynorske golfspela under Dei Nynorske Festspela samarbeidde vi med NRK P2 om å fornorske golfterminologien. Det kom inn mange gode framlegg, nok til å fylle heile basisordlista.

Vi var i 2005 involverte i planane om eit Garborg-senter på Bryne i regi av Jærmuseet, forprosjektet for Løland-markeringa 2007-2011 og er representert i det nye Forum for nynorsk i skulen som Utdanningsdirektoratet etablerte i desember 2005.

Best Western Hotell Bondeheimen sette i 2005 i gang ei større ombygging som skal styrkje den posisjonen dei har som kulturhotell. Kvart rom skal knytast til ein forfattar eller annan kulturperson. Dei gjorde avtale med oss om å stå for utval av personar, tekstar og illustrasjonar.

Både gjennom arbeidet i Forum for nasjonale museer, som blei avvikla frå årsskiftet 2005/2006, og i andre samanhengar la vi sterk vekt på at norsk museumspolitikk framleis treng ein del museum som har ein nasjonal funksjon og løyser nasjonale oppgåver.

**16.4 Stabil, men krevjande situasjon**

Noreg har om lag 600 000 nynorskbrukarar. Blant desse er truleg fire av ti reelt tospråklege ved at dei bruker nynorsk og bokmål om lag like mykje. Mindre enn 5 % av dei er organiserte målfolk.

Dei bur over heile landet, og det går nynorskelevar i 40 % av alle kommunane i landet, men over 80 % av nynorskelevane i grunnskulen bur no på Vestlandet. Der ligg også meir enn 70 % av alle kyrkjesokn med nynorsk liturgi og kommunar med nynorsk tenestemål. Seks av ti nordmenn bur i nynorske eller språknøytrale kommunar.

Politisk røystar over halvparten av nynorskbrukarane på dei gamle sentrumspartia Venstre, Kristeleg Folkeparti og Senterpartiet. Kvart år er om lag 1,4 mill menneske med på gudstenester med nynorsk liturgi; det er like mange som dei som går på fotballkampar i eliteserien.

Kvar tredje avis er redigert heilt eller delvis på nynorsk, og NRK har gjort nynorsk til eit vanleg språk i massemedia, men knapt kvar tiande bok som blir utgitt, er på nynorsk. I det nyaste mediet, Internett, er nynorsk alt like mykje brukt som i det gamle bokmediet. Dialektane blir brukt jamt meir både i radio, fjernsyn og i lydfestingar på cd-plater, og i alle dei år har lyrikk i form av dikt eller songar vore den mest brukte litterære sjangeren på nynorsk.

Dei som bruker nynorsk, er meir negative til den engelske påverknaden på norsk enn bokmålsbrukarane er. Den allmenne toleransen overfor nynorsk er mykje større no enn

for førti år sidan. Den som bur i Noreg i dag, høyrer til den første generasjonen som i prinsippet møter språket nynorsk kvar dag. Å bruke nynorsk på innarbeidde område fører sjeldan med seg store konfliktar, men som før kjem reaksjonane når nynorskbrukarane vil inn på område der dei blir oppfatta som framande.

Det er også eit faktum at store grupper av særleg unge nynorskbrukarar er negative til sitt eige språk, at prosentdelen av nynorskelevar i grunnskulen ikkje har vore lågare sidan 1960-åra enn den var i 2005, og at ni av ti leiarar for statlege forvaltningsorgan ikkje gjer som Stortinget har føresett i sin språkpolitiske praksis.

## 16.5 Viktige tendensar

Nynorskbrukarane er spreidde over heile landet. Dei finst i alle fylka, truleg også i alle kommunar. Tre av ti nynorskbrukarar bur *ikkje* på Vestlandet, men det er på Vestlandet dei er mest konsentrerte og mange stader utgjer dominerande fleirtal.

Ungdom deler seg i dag i skarpare haldningar til målformene enn det vi finn hos mange vaksne. I 1996 var kvar fjerde elev i vidaregåande skule positiv til nynorsk. Det er også dei unge som helst skiftar språk. Truleg skiftar kvar tredje nynorskbrukar til bokmål før vedkomande er 20 år gammal.

Det finst bort imot 600 000 nynorskbrukarar i Noreg. Så mykje som 40 % av desse er truleg reelt tospråklege i den forstand at dei skiftar mellom å bruke nynorsk og bokmål. Talet på nynorskbrukarar har halde seg ganske stabilt det siste tiåret, jamvel med ein viss tendens til auke. Dei bur over heile landet, men Vestlandet aukar prosentdelen sin. Nynorskbrukarane er mykje meir negative til bruken av engelsk i Noreg enn bokmålsbrukarane er.

Over halvparten av nynorskbrukarane soknar til dei gamle sentrumspartia. Det er derimot eit ope spørsmål kor sterkt dette spørsmålet er som faktor for veljarane, og kva veljarpotensial det er for partia i språkpolitikk.

Språkleg og kulturell toleranse heng saman. Dei som er positive til nynorsk, er også meir positive til innvandrarar enn dei nynorsknegative er. Jo meir positive dei er til nynorsk, jo meir positive er dei også til innvandrarar. Det er vesentleg færre innvandrarar i dei nynorskdominerte delane av landet enn i resten av landet. Det er dermed færre kontaktpunkt mellom nynorskbrukarar og innvandrarar enn mellom bokmålsbrukarar og innvandrarar.

| | 1995 | 2004 |
|---|---|---|
| **ADMINISTRATIVE EININGAR** | | |
| Kyrkjesokn med nynorsk liturgi | 31 | 30 |
| Kommunar med nynorsk tenestemål | 26 | 27 |
| Kommunar med nynorskelevar i grunnskulen | 41 | 42 |
| Elevar i grunnskulen med nynorsk opplæringsmål | 17 | 14 |
| Vernepliktige som ønskjer nynorsk | 10 | 9 |
| Sjølvmeldingar på nynorsk | 11 | 11 |
| Bruk av nynorsk i skriftleg framstilling | 12 | 14 |
| Nynorskrøyster ved skulemålsrøystingar | 46 | 60 |
| Innbyggjarar i kommunar med nynorsk tenestemål | 12 | 12 |
| Stortingsrepresentantar | 19 | 16 |
| **MASSEMEDIA** | | |
| Nynorsk i NRK/Radio (med 50 % av dialektbruken) | 19 | 23 |
| Nynorsk i NRK/TV (med 50 % av dialektbruken) | 15 | 22 |
| Nynorskbøker i alt, titteltal | 9 | 9 |
| Det nye testamentet på nynorsk, selde eksemplar | 15 | 17 |
| Aviser redigerte på nynorsk eller begge målformer | 33 | 32 |
| Spor på nynorsk eller dialekt på plate og cd | 31 | 30 |

Kjelde: *Nynorsk faktabok 2005*

I skulen er nynorsk som regel blitt røysta inn med klart fleirtal og ut att med knappe marginar. Ordninga med lokale folkerøystingar om oppæringsspråket i skulen er eit viktig element i det norske lokaldemokratiet. I tidsrommet 1965–2004 har det vore halde 343 folkerøystingar om opplæringsspråket i skulen. Ved desse folkerøystingane har 63 000 personar teke del. Den typiske folkerøystinga om skulemål har gitt eit svært jamt resultat. I vedtaks form har likevel resultatet vore oftare bokmål enn nynorsk.

Det går nynorskelevar i grunnskulen i fire av ti kommunar. På ti år har nynorskelevane i grunnskulen gått frå å utgjere 17 % av alle elevane til 14 %. Det er det største fallet i

skulemålsprosent sidan tidleg på 1960-talet. Svært mange elevar går i eit språkdelt skulemiljø av nynorsk- og bokmålselevar, eventuelt også andre opplæringsspråk.

Eit fleirtal av alle nordmenn har no hatt skriftleg undervisning i nynorsk. Berre nokre få prosent av elevane med nynorsk i grunnskulen tok seinare eksamen artium. Først med omlegginga til obligatorisk ungdomsskule og ny vidaregåande skule i 1970-åra blir nynorsk ei sak for alle unge i Noreg.

Kyrkja er den samfunnsinstitusjonen som har den klaraste språkpolitiske praksis. Nynorsken står relativt sterkare enn i kyrkja enn i andre delar av samfunnet til same tid. Kvart år er om lag 1,4 mill med på gudstenester med nynorsk liturgi. Eit av tre sokn har nynorsk liturgi. Like viktig kan det ha vore at nynorsken blei sungen inn i kyrkja, frå og med Blix-salmane i 1880-åra til Edvard Hoems nyaste.

Seks av ti nordmenn bur i nynorske eller språknøytrale kommunar. Talet på nynorskkommunar er stabilt, men det blir fleire nøytrale kommunar og færre bokmålskommunar. Nynorskkommunane ser ut til å ekspandere meir enn andre kommunar.

Statsforvaltninga gjer ikkje som Stortinget har føresett om målbruk i offentleg teneste. Jamt meir av kontakten mellom innbyggjarane og statsforvaltninga går via Internett, men berre på tolv av 173 nettstader i statleg regi var minst om lag 25 % av dokumenta på nynorsk i 2005. Generelt er det berre fire av departementa som over tid oppfyller dei krava som gjeld for målbruk i offentleg teneste.

Innkjøpsordninga for norsk skjønnlitteratur er språkpolitisk blind, og har over tid først og fremst resultert i meir lyrikk og fleire barnebøker på bokmål. Likevel har ordninga vore viktig for ny nynorsk skjønnlitteratur. Språkpolitisk har pressestøtta vore den viktigaste støtteordninga for nynorsk skriftkultur, både rekna i kroner og i spreiing gjennom store opplag.

Aldri før har så mange tekstar på nynorsk vore lettare tilgjengelege enn i 2005. Våren 2005 fanst det minst 1,5 mill dokument på nynorsk på Internett.

Nynorsk blir også meir brukt på Internett – trass i, ikkje på grunn av departement og offentleg forvaltning. No er nynorsk snart like mykje brukt i det nyaste massemediet Internett som i eitt av dei eldste media, boka.

Dialektane har teke over meir av sendetida i radio og fjernsyn dei siste par tiåra. Det er her dialektaksjonane frå 1970-åra kanskje har sett dei djupaste spora. Den posisjonen nynorsk hadde fått som nyheitsspråk i NRK, rydda veg for liknande redaksjonell profil i både TV2 og TV Norge – trass i utsegner frå riksaviser om at nynorsk høver dårleg som tabloid nyheitsspråk. Men NRK har no vesentleg færre nynorskbrukande medarbeidarar enn på slutten av 1980-talet.

Kvar tredje norske avis er redigert heilt eller delvis på nynorsk. I tillegg kjem ei rekkje aviser som bruker begge målformer i eige stoff, med *Bergens Tidende* som den fremste. *VG* er den største riksavisa i alle nynorskkommunane, så stor at avisa nokre stader jamvel bikkar 30 % husstandsdekning.

Nynorsk bokutgiving ligg stabilt kring 8 % av alle norske bøker. Tre av fire nynorskbøker kjem frå utgivarar som ikkje er med i Den norske Forleggerforening. Med jamt over 25 % av diktbøkene på nynorsk over lang tid er lyrikken det litterære tyngdepunktet i nynorsk bokheim, rekna i tal.

Der er nynorsk i alle lommebøker, og dialekt er meir brukt i cd-mediet enn i radio og tv. Mellom 1987 og 2004 kom det ut om lag 7500 plater, kassettar og cd-ar i Noreg. Over 30 % av spora på desse var på nynorsk eller dialekt. Dei nynorske teaterscenene har til no hatt godt over åtte millionar gjester. Blant nye forfattarar er framleis dikt og songar den vanlegaste sjangeren i debutbøkene.

Om lag 95 % av nynorskbrukarane er ikkje organiserte målfolk. Begge dei to store norskdomsorganisasjonane, Noregs Mållag (NM) og Noregs Ungdomslag (NU), har vesentleg færre medlemmer kring 2005 enn i sine velmaktsdagar, men det ser ut til at dei har greidd å etablere seg på eit nivå der NM har om lag 10 000 medlemmer og NU godt og vel 15 000 medlemmer. Medlemsorganisasjonane har til dels ulike regionale profilar.

**16.3 Perspektiv 2013**

Stortinget slutta seg 1.4. til alle dei viktigaste språkpolitiske synspunkta i *St.meld. nr. 48 (2002–2003) Kulturpolitikk fram mot 2014*. Dette var den første kulturmeldinga som gjekk grundig inn på språkpolitikk, og komitéinnstillinga i Stortinget inneber at eit klart politisk fleirtal legg til grunn dette tiårsperspektivet i stortingsmeldinga:

”I 2013 er det 200 år sidan Ivar A[a]sen vart fødd, og det tiåret som står att fram til dette jubileet, kan vera eit høveleg tidsperspektiv for eit meir systematisk arbeid med å styrkja den nynorske skriftkulturen. Eit slikt arbeid må skje over eit breitt felt, gjennom eit sampel mellom private og offentlege aktørar.”

Nynorsk kultursentrum har dei siste åra uroa seg over dei mange sakene som passerer gjennom departement og regjering utan at dei språkpolitiske perspektiva blir fanga opp. Av omsyn til norsk kultur allment, og nynorskbrukarane spesielt, kan det ikkje halde fram slik.

Eit typisk trekk for nynorsk skriftkultur er at der er mange handlekraftige miljø og mange institusjonar, men at det alltid manglar pengar til å realisere dei beste ideane. Nynorskinstitusjonar samarbeider betre enn nokon gong og prøver å utnytte den nynorske marknadsmakta som finst. Også i framtida vil likevel nynorsk skriftkultur vere avhengig av målretta, offentleg støtte og positiv diskriminering.

Kulturmeldinga må følgjast opp med reie pengar gjennom dei årlege løyvingane over statsbudsjettet. Så langt har dette vist lite att. Ei systematisk tiårssatsing krev dessutan større tiltak enn dei som kan realiserast gjennom årlege løyvingar.

Nynorsk kultursentrum arbeidde i 2005 med ei rekkje saker under fellesnemnaren ”Perspektiv 2013”. Dette arbeidet held fram kvart år frametter.

# *Nynorsk kultursentrum*
## Statistikk 2000-2005

| | 2000-2002 | 2003 | 2004 | 2005 | I alt |
|---|---|---|---|---|---|
| **ÅRSVERK** | 28,7 | 13,1 | 12,8 | 12,1 | 66,7 |
| | | | | | |
| **SAMLINGAR** | | | | | |
| Gjenstandar i alt | 30 732 | 1 333 | 829 | 1 393 | 34287 |
| Av dette tilfredsstillande registrert | 3 755 | 1 605 | 5 772 | 3 740 | 14872 |
| | | | | | |
| **DOKUMENTASJON** | | | | | |
| Nynorskbasen | 2 030 | 82 | 779 | 617 | 3508 |
| Artikkelarkivet | 800 | 850 | 1 580 | 340 | 3570 |
| | | | | | |
| **GJESTER** | | | | | |
| **Vanlege gjester** | | | | | |
| Vår | 12 321 | 4 832 | 4 416 | 4 292 | 25861 |
| Sommar | 12 433 | 2 404 | 3 318 | 2 253 | 20408 |
| Dei Nynorske Festspela | 14 364 | 7 011 | 6 022 | 6 205 | 33602 |
| Haust | 17 544 | 4 154 | 5 053 | 3 629 | 30380 |
| **Sum vanlege gjester** | **56 662** | **18 401** | **18 809** | **16 379** | **110251** |
| | | | | | |
| **Nettstadgjester** | | | | | |
| Vår | 18 085 | 32 753 | 85 217 | 150 110 | 286165 |
| Sommar | 62 392 | 32 917 | 51 911 | 157 935 | 305155 |
| Haust | 19 637 | 54 435 | 82 715 | 296 775 | 453562 |
| **Sum nettstadgjester** | **100 114** | **120 105** | **219 843** | **604 820** | **1044882** |
| | | | | | |
| **SAMLA GJESTETAL** | **156 776** | **138 506** | **238 652** | **621 199** | **1155133** |
| | | | | | |
| **Gjester etter aktivitet** | | | | | |
| Utleige og eksternt | 8 146 | 4 323 | 4 976 | 6 513 | 23958 |
| Eigne arrangement | 22 022 | 7 961 | 9 375 | 5 800 | 45158 |
| Utstillingar | 26 494 | 6 117 | 4 458 | 4 066 | 41135 |
| | | | | | |
| **Gjester etter alder** | | | | | |
| Barn og unge | 11 700 | 4 000 | 3 968 | 3 974 | 23642 |
| Vaksne | 44 962 | 14 401 | 14 841 | 12 405 | 86609 |
| | | | | | |
| **ARRANGEMENT** | | | | | |
| Kulturprogram | 131 | 52 | 74 | 54 | 311 |
| Utstillingar | 30 | 10 | 9 | 5 | 54 |
| Vandreutstillingar | 10 | 5 | 19 | 3 | 37 |
| Dei Nynorske Festspela | 126 | 53 | 46 | 43 | 268 |
| Utleige | 104 | 60 | 58 | 90 | 312 |
| **Sum arrangement** | **401** | **180** | **206** | **195** | **982** |
| | | | | | |
| **UTØVARAR** | | | | | |
| Kulturprogram | 1 326 | 371 | 591 | 528 | 2816 |
| Dei Nynorske Festspela | 806 | 414 | 246 | 221 | 1687 |
| **Sum utøvarar** | **2 132** | **785** | **837** | **749** | **4503** |

*Nynorsk kultursentrum*

# Kulturprogram 2005

Halv pris til barn der det ikkje er eigen barnebillett

## *Vår*

MÅNDAG 17. JANUAR
14.00–15.00 Festsalen Volda vidaregåande skule
**Forteljingar om levde liv**
Teatergruppa SPOR frå Vangstun dagsenter i Rauma kommune
Gratis

SØNDAG 23. JANUAR
15.00–16.00 Salen, Aasen-tunet
**Vita**
Unni Løvlid gir ein liten urpremiere frå den nye cd-en *Vita* som kjem 1. februar
Kr 100 / 80

FREDAG 4. FEBRUAR
21.00–22.00 Studentkroa, Volda
**Musikk og litteratur i rockens ånd**
Forfattardebutant Ole Idar Kvelvane les frå boka *Astronautar* (2004)
DJ Håvard spelar musikk som passar til det livet hovudpersonen i boka lever
Kr 75

LAURDAG 5. FEBRUAR
20.00–21.30 Ørsta kulturhus, Ørsta
**Lomsk**
Folkerockgruppa Lomsk med Hans Bakke (vokal, fele, keyboard), Lars Bakke (vokal, akustisk gitar), Ole Foss (trekkspel, fele), Rune Kjørren (el-gitar, akustisk gitar, dobro, mandolin), Jørn Steine (bass), Reidar Svare (vokal, keyboard, fløyte, munnharpe) og Trond Volden (trommer)
Kr 260

MÅNDAG 7. FEBRUAR
09.00–14.00 Ørsta samfunnshus
Barneskulane i Ørsta
**Lyriaka – inspirasjonskonsertar for 3. – 5. klasse**
Musikar og komponist Øyvind Gravdal og lærar og forteljar Petter Moen møter barns skapande evner og eigne tekstar
Resultatet blir framført på Dei Nynorske Festspela 2005
I samarbeid med Møre og Romsdal fylke

MÅNDAG 7. FEBRUAR
09.00–14.00 Ørsta samfunnshus
Barneskulane i Ørsta
**Lyriaka – inspirasjonskonsertar for 3.–5. klasse**
Musikar og komponist Øyvind Gravdal og lærar og forteljar Petter Moen møter barns skapande evner og eigne tekstar
Resultatet blir framført på Dei Nynorske Festspela 2005
I samarbeid med Ørsta kommune og Møre og Romsdal fylke

TYSDAG 8. FEBRUAR
10.00–13.00 Volda samfunnshus
Barneskulane i Volda
**Lyriaka – inspirasjonskonsertar for 3.–5. klasse**
Musikar og komponist Øyvind Gravdal og lærar og forteljar Petter Moen møter barns skapande evner og eigne tekstar
Resultatet blir framført på Dei Nynorske Festspela 2005
I samarbeid med Volda kommune og Møre og Romsdal fylke

TORSDAG 10. FEBRUAR
10.00–11.30 Salen, Aasen-tunet
**Ysatnaf – fantasydag for 6.–10. klasse**
Sveriges Nøkken, Daniel Wikslund kjem med fiolinen sin
Historia om Sigurd Drakedrepar er ei segn som finst i mange versjonar.
Skodespelar og dramaturg Jørgen Tjemsland framfører ei av segnene om Sigurd Drakedrepar
Filmar av Egil Olsen blir vist
Utstilling av fantasybøker i kafeen, varm drykk og pølsegrilling ute på tunet

TORSDAG 10. FEBRUAR
12.00–13.30 Salen, Aasen-tunet
**Ysatnaf – fantasydag for 6.–10. klasse**
Sveriges Nøkken, Daniel Wikslund kjem med fiolinen sin
Historia om Sigurd Drakedrepar er ei segn som finst i mange versjonar.
Skodespelar og dramaturg Jørgen Tjemsland framfører ei av segnene om Sigurd Drakedrepar
Filmar av Egil Olsen blir vist
Utstilling av fantasybøker i kafeen, varm drykk og pølsegrilling ute på tunet

LAURDAG 12. FEBRUAR
15.30–16.30 Det grøne treet, Volda
**Kjensla av at det ikkje regnar andre stader enn her**
Forfattar på kafé: Øystein Orten les
Arrangør: Volda Mållag i samarbeid med Nynorsk kultursentrum
Kr 50

TYSDAG 15. FEBRUAR
20.00–22.00 Salen og kafeen, Ivar Aasen-tunet
**Idédugnad om Dei Nynorske Festspela**
Fritt fram for ønske, tips og meiningar

LAURDAG 5. MARS
15.00–16.00 Kafé Fru Svendsen, Ørsta
**Knutar**
Forfattar på kafé: Gunnhild Øyehaug les og fortel i samtale med Marie Ekset Haug
Arrangør: Ørsta Mållag i samarbeid med Nynorsk kultursentrum
Kr 50

LAURDAG 12. MARS
Lunsjframsyning på Teateret Vårt, Molde
**Dikt i austerveg**
Russiske Elena Jakovleva på fiolin og Delaria Dimitrova på piano
Skodespelaren Helge Jordal les omsette dikt frå Polen, Russland og Slovenia
Teatret Vårt i samarbeid med Nynorsk kultursentrum
Kr 150 / 100

Kveldsframsyning, Ålesund
**Dikt i austerveg**
Russiske Elena Jakovleva på fiolin og Delaria Dimitrova på piano
Skodespelaren Helge Jordal les omsette dikt frå Polen, Russland og Slovenia
Ålesund Teaterfestival i samarbeid med Nynorsk kultursentrum
Kr 150 / 100

SØNDAG 13. MARS
16.00–17.00 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Dikt i austerveg**
Russiske Elena Jakovleva på fiolin og Delaria Dimitrova på piano
Skodespelaren Helge Jordal les omsette dikt frå Polen, Russland og Slovenia
Kr 150 / 100

LAURDAG 2. APRIL
19.30–20.45 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Villskap og poesi**
Folke- og jazzmusikar Karl Seglem med band spelar frå det store repertoaret sitt
Kr 200 / 150

SØNDAG 3. APRIL
16.00–17.30 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Fykande frø – og songen var nynorsk**
Volda vokal syng til melodiar av Magnar Åm med nynorske tekstar, med mange urframføringar
Olav Åm les frå diktsamlinga "Fykande frø"
Kr 100 / 80
Arrangør: Volda vokal

MÅNDAG 4. – FREDAG 8. APRIL
**Det undrande språket: sidemålsversjonen**
Turné med kulturprogram og temautstilling, mynta særleg på 9. klasse
Formidlingsleiar Marit Neergaard saman med Runar Gudnason
4.4. kl. 11.15–13.15 Ringstabekk skole, Bærum
4.4. kl. 13.30–15.30 Ringstabekk skole, Bærum
5.4. kl. 10.00–14.00 Risenga skole, Asker
5.4. kl. 12.00–14.00 Risenga skole, Asker
6.4. kl. 09.00–11.00 Tonstad skole, Asker
6.4. kl. 12.00–14.00 Tonstad skole, Asker
7.4. kl. 08.30–10.10 Mølladammen skole, Bærum
7.4. kl. 12.30–14.05 Mølladammen skole, Bærum
Med støtte frå Hundreårsmarkeringa Noreg 2005 og Bærum kommune

TORSDAG 7. APRIL
19.00–20.45 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Barneheimar og spesialskular under lupa**
Foredrag av professor Edvard Befring om norske barneheimar 1945–1980
I samarbeid med barnevernstudiet ved Høgskulen i Volda
Kr 50

SØNDAG 10. APRIL
14.00–17.00 Ivar Aasen-tunet
**Vippe pinne – familiesøndag og leik i tunet**
Med stoff frå den nye boka *Dette leika vi med* fortel Marit og Ola Stemshaug om leiketøy, og om leikane som har vore knytte til desse
Leikesamlar Aydin Tomak stiller ut gamle og nye leiker i Galleriet
Leik i tunet i regi av førskuleutdanninga ved Høgskulen i Volda
Familiemiddag i kafeen

Kr 60 / 30, familie (inntil to born) kr 150

TORSDAG 14. APRIL
17.30–18.30 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Foreldreframsyning**
Arrangør: 3B, Vikemarka skule

LAURDAG 23. APRIL
15.30–16.30 Det Grøne Treet, Volda
**den einaste kjolen**
Forfattar på kafé: Marit Kaldhol les og fortel i samtale med Ingjerd Traavik
Forfattaren les også på kafeen Tante Anna og i bokhandelen Notabene
Arrangør: Volda Mållag i samarbeid med Nynorsk kultursentrum
Kr 50

19.00–20.00 Rokken, Volda
**Songar frå boka**
Skodespelar Hans Rønningen frå Det Norske Teatret med band spelar musikk av The Smiths og utdrag frå teaterframsyninga "Bikubesong"
I samarbeid med Veka –05
Kr 150

TORSDAG 28. APRIL
17.30–18.30 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Framsyning klasse 3B**
Arrangør: Vikemarka skule

FREDAG 27. MAI
17.00–17.45 Salen, Ivar Aasen-tunet
**So ro liten tull**
Unni Løvlid held konsert for barnehageborn som avslutning på eit samarbeid vinteren 2005 med ti barnehagar på Søre Sunnmøre
Gratis

18.00–18.45 Salen, Ivar Aasen-tunet
**So ro liten tull**
Unni Løvlid held konsert for barnehageborn som avslutning på eit samarbeid vinteren 2005 med ti barnehagar på Søre Sunnmøre
Gratis

20.00–21.30 Kulturhuset Banken, Lillehammer
**Festspel på festival: Det skjer på nynorsk**
Bergensdamene Gunnhild Øyehaug og Olaug Nilssen på lag med språkmeinaren Sylfest Lomheim i samtale med Magnhild Bruheim
I samarbeid med Norsk Litteraturfestival
Kr 80

# *Haust*

FREDAG 5. AUGUST
14.00–18.00 Ivar Aasen-tunet og Helgehornet
**Bursdagsfeiring og til Mount Everest utan oksygen**
Fjellmann og villmann Jarle Trå har gått Noreg på langs og som første nordmann prøvd å nå toppen av Mount Everest utan oksygen. Tur til Helgehornet utan oksygen etterpå
I samarbeid med Naturfestivalen I Ørsta
Kr 80

SØNDAG 4. SEPTEMBER
13.00–16.00 Kvivsdalssetra
**Seterjentenes søndag**
Boklansering av Valborg Hustadnes' bok om setrane rundt Austefjorden
Seterdans og utstilling
Marit Hoel fortel om seterdrifta før og no, og intervjuar forfattaren
Ester Humberset fortel frå sine seterdagar
Folkemusikk og sal av rømmegraut
Kulokk og song ved Birgit Berg
Kinning, flatbrød, utstilling og demonstrasjon av ljåslått, konkurranse i staurbering
I samarbeid med Bygdekvinnelaget
Kr 50 (born under 12 år gratis)

SØNDAG 18. SEPTEMBER
14.00–17.00 Ivar Aasen-tunet
**Familiedag i tunet: Bli kjend med Ivar Aasen**
Historieforteljar Heidi Aarset, skodespelar Nils Sletta frå Det Norske Teatret og formidlingsleiar Svein Arne Myhren gir sine bilete av Ivar Aasen som voks opp her i tunet for snart 200 år sidan. Song, høve til å kjøpe søndagsmiddag med Ivar Aasens favorittmåltid (?) på menyen, film og dialektspel
Kr 50

MÅNDAG 19. SEPTEMBER

09.30–11.30 Ivar Aasen-tunet
**Bli kjend med Ivar Aasen**
Skulearrangement for 3. klassingar frå Barstadvik, Dalane, Hovden, Sæbø, Vartdal, Austefjord, Dalsfjord, Folkestad og Ulvestad skular
Kr 20

11.30–12.15 Det Norske Teatret, Oslo
**Nynorsk faktabok 2005**
Direktør Ottar Grepstad lanserer den nye boka på open pressekonferanse
Gratis

TYSDAG 20. SEPTEMBER
12.00–13.00 Gamle Logen Oslo
**Prinsippet nynorsk**
Ottar Grepstad held årstale nr. 5 om tilstanden for nynorsk skriftkultur
Kunstnarleg innslag ved folkesongar Unni Løvlid og Gry Aubert Bang på lur og bukkehorn
Enkel servering etterpå
Gratis

09.30–11.30 Ivar Aasen-tunet
**Bli kjend med Ivar Aasen**
Skulearrangement for 3. klassingar frå Velle, Bratteberg, Mork og Vikebygda skular
Kr 20

ONSDAG 21. SEPTEMBER
09.30–11.30 Ivar Aasen-tunet
**Bli kjend med Ivar Aasen**
Skulearrangement for 3. klassingar frå Vikemarka og Øyra skular
Kr 20

SØNDAG 25. SEPTEMBER
13.00–17.00 Ivar Aasen-tunet
**Soppdag**
13.00: Sopptur i Åsen med Rune Pettersen, Christoffer Bang og Kirsten Døvre Bang
15.00–17.00: Soppkontroll ved Osvald Grande frå Mattilsynet
Dagens middag med sopp og andre gode sopprettar er å få kjøpt i kafeen
I samarbeid med Volda hagelag
Gratis

TORSDAG 29. SEPTEMBER
**Boknakaran**
20.00–21.30 Salen, Ivar Aasen-tunet
Boknakaran – Jan Arvid Johansen, Ragnar Olsen, Malvin Skulbru og Pål Thorstensen – byd på nordnorsk humor og visesong, til tonefølgje på gitar, torader, kontrabass, mandolin, klarinett, bouzouki, sekkepipe og munnspel
Sal av finnbiff i restauranten
Kr 120 / 100

ONSDAG 5. OKTOBER
12.00–15.00 Ivar Aasen-tunet
**Strikkekafé**
Førebuingane til jul er i gang! Omvising, middag og Torill Bakke med strikking for dei eldre
I samarbeid med Nettstrikk, Rauma ullvare og pensjonistforeiningar
Kr 50

19.30–22.00 Ivar Aasen-tunet
**Strikkekafé og kveldsmat**
Torill Bakke frå Rauma ullvare instruerer og demonstrerer
I samarbeid med Nettstrikk og Rauma ullvare
Kr 50

LAURDAG 8. OKTOBER
15.30–17.00 Det Grøne Treet, Volda
**Dikt i vesterveg**
Forfattar på kafé: Jostein Sæbøe fortel om irsk lyrikk og les frå eigne gjendiktingar, til musikk av Geir Hjoerthol
I samarbeid med Volda mållag
Kr 50

ONSDAG 19. OKTOBER
20.00–22.00 Salen og kafeen, Ivar Aasen-tunet
**Evaluering av Dei Nynorske Festspela**
Foredrag av festivalsjef Frank Fossdal: "Molde jazz – frå sær jazz til folkefest"
Fritt fram for ønske, tips og meiningar om Dei Nynorske Festspela
Enkel servering
Gratis

MÅNDAG 24. OKTOBER – FREDAG 4. NOVEMBER
09.30–11.30 Ivar Aasen-tunet
**Det ligg mellom linjene – Sverre Fehn og arkitektur**
Aktivitetsopplegg for 6. klassingar i Ørsta og Volda

| | |
|---|---|
| 24.10. | Øyra skule |
| 25.10. | Øyra og Folkestad skular |
| 26.10. | Mork skule |
| 27.10. | Austefjord, Ulvestad og Dalsfjord skular |
| 28.10. | Bratteberg skule |
| 31.10. | Hovden og Dalane skular |
| 1.11. | Lystad, Velle og Åmås skular |
| 2.11. | Vikemarka skule |
| 3.11. | Vikemarka skule |
| 4.11. | Barstadvik, Sæbø og Vartdal skular |

Kr 20

ONSDAG 9. NOVEMBER
17.30–20.00 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Foreldreframsyning**
Arrangør: Hovden skule

TORSDAG 10. NOVEMBER
19.00–20.30 Møterommet, Ivar Aasen-tunet
**Kva bør vi ha i bokhyllene?**
Salssjef Liv Grønback i Det Norske Samlaget om nye bøker og forfattarar og tendensar og lesetips
Gratis

20.45–21.00 Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet
**Med blikk for republikk**
Professor Brynjulv Gjerdåker opnar temautstilling
Utstillinga står til og med 27.1.2006
Gratis opningsdagen, elles inkludert i billett til basisutstillingane

21.00–23.00 Salen og kafeen, Ivar Aasen-tunet
**Boknatt: Humor**

Christine Hope presenterer *Norsk humor*
Finn Tokvam og Halvor Folgerø les frå debutromanen *Tyl*
I samarbeid med Det Norske Samlaget
Kr 100 / 80

FREDAG 18. NOVEMBER
20.00–20.45 Galleriet, Ivar Aasen-tunet
**Dei gamle fjell i syningom**
Salsutstilling med den samiske kunstnaren Mathis Nango i Galleriet
Utstillinga står til 18. desember
Gratis opningsdagen, elles kr 30

21.00–22.15 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Joik, jazz, rock og elektronika**
Joikaren Johan Sara med trio tek oss med både til det urbane, og til vidda
I samarbeid med Rikskonsertane
Kr 120 /100

ONSDAG 23. NOVEMBER
19.00–20.30 Sunnmørsposten, Ålesund
**Språk på Vestlandet gjennom 2000 år**
Foredrag av Ottar Grepstad – han lettar på sløret om trebandsverket *Vestlandets historie*, som blir gitt ut hausten 2006
Gratis

SØNDAG 27. NOVEMBER
19.30–21.00 Ørsta kulturhus
**Jakob Sande & Jon Eikemo – trur eg**
Jon Eikemo og Aage Vaksdal (trekkspel og piano)
Kr 250 / 200

SØNDAG 4. DESEMBER
14.00–17.00 Ivar Aasen-tunet
**Aking, baking og julekort**
Lesing av eventyr, julemusikk, aking, bygging av Ivar Aasen-tunet i peparkake
Kr 50 / 25 / familie 100

ONSDAG 7. DESEMBER
17.00–20.00 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Foreldreframsyning**
Arrangør: 1. klasse, Vikemarka skule

# Dei Nynorske Festspela 2005
# Onsdag 29. juni – søndag 3. juli

*Tema: Dei mange røystene*

**Festspeldiktar**
Edvard Hoem

**Festspelutstilling**
Salsutstilling av Per Kleiva

**Årets nynorskbrukar 2005**
Kjartan Fløgstad

**Opningskonsert**
Røyst

**Ivar Aasen-minneforedrag**
Jorid Hovden

**Preike under friluftsgudsteneste**
Gunvor Lande

**Stemnetale**
Sylfest Lomheim

## Utstillingar

**Per Kleiva**
Festspelutstilling i Nyesalen, Volda samfunnshus
Grafikk og salsutstilling

| | |
|---|---|
| Opning onsdag 29. juni | 17.30 – 19.00 |
| Torsdag 30. juni | 18.00 – 20.00 |
| Fredag 1. juli | 18.00 – 20.00 |
| Laurdag 2. juli | 11.00 – 15.00 |
| Søndag 3. juli | 16.00 – 20.00 |
| Måndag 4. juli – onsdag 6. juli | 18.00 – 20.00 |

**Festspeldiktaren Edvard Hoem**
Temautstilling om festspeldiktaren
Nybygget, Ivar Aasen-tunet
Opning torsdag 30. juni kl. 14.00
Inkl. i billett til basisutstillinga
Utstillinga står til og med 15. august

**Ei utstilling om nynorsk skriftkultur**
Med nye innslag kvar dag
Nybygget, Ivar Aasen-tunet

| | |
|---|---|
| Onsdag 29. juni | 10.00 – 21.00 |
| Torsdag 30. juni | 10.00 – 21.00 |
| Fredag 1. juli | 10.00 – 18.00 |
| Laurdag 2. juli | 10.00 – 19.00 |
| Søndag 3. juli | 10.00 – 19.00 |

## Kafé og butikk

| | |
|---|---|
| Onsdag 29. juni | 10.00 – 24.00 |
| Torsdag 30. juni | 10.00 – 23.00 |
| Fredag 1. juli | 10.00 – 19.00 |
| Laurdag 2. juli | 10.00 – 19.00 |
| Søndag 3. juli | 10.00 – 19.00 |

## Festspelbrusen 2005

Til sals i kafeen i Ivar Aasen-tunet og i butikkar i Ørsta, Volda og mange andre stader
Produsent: Brænne Mineralvatn

## Festspelplakat

**Motiv**
Per Kleiva: "Møte"

**Formgivar**
Fuglefjellet v/Ingvild Mork

# Festspeleffektar

T-skjorte med festspelmotiv av Per Kleiva. Design Ingvild Mork
Krus med originaldikt av Edvard Hoem

# Flagging

Nynorsk kultursentrum oppmodar kommunar, bedrifter, institusjonar og privatpersonar om å flagge alle festspeldagane

# Tilskot

Kultur- og kyrkjedepartementet
Møre og Romsdal fylke
Volda kommune
Ørsta kommune

# Hovudsponsorar

Noreg 2005
Sunnmørsposten
Tussa Kraft
Widerøe
Ørsta Stål

# Samarbeidspartnarar

Bama
Bondens Marknad
Brænne Mineralvatn
Dag og Tid
Det Norske Samlaget
Dirty Nelly, Volda
Felleskjøpet
Fjord1/Buss Møre
Foreningen !les
Foreningen Norden
Friele
Gilde
Giørtz
Hansa-Borg
Hjørundfjord kulturvernlag
Hindholmens venneforeining
Hovdebygda idrottslag
Høgskulen i Volda
ISS
Kafé Fru Svendsen, Ørsta
Mesta
Møre folkehøgskule
NAF
Norsk Litteraturfestival
Ole Ringdal AS
Ose & Aarseth AS
Rekkedal Gjestehus
Retura
Rust club og scene
Sivilforsvaret
Spar Hovdebygda
Sparebanken Volda Ørsta
Tine
Volda bil
Volda bygdetun
Volda Golfklubb
Volda handelsforeining
Volda kommune
Volda kunstlag
Volda mållag
Volda sokneråd
Westres bakeri
Ørsta kommune
Ørsta mållag
Ørsta sentrumsforeining
Ørsta sokneråd

# Måndag 15. mai

09.00 www.aasentunet.no og www.voldagolf.no
**Dei nynorske golfspela 2005: den nye ordlista**
Golfentusiastar og andre med godt språkøyre blir utfordra til å vere med og lage nynorsk utgåve av bokmålsterminologien i golf
I samarbeid med Volda Golfklubb

# Onsdag 25. mai

**Bruspremiere: Festspelbrusen 2005**
Produsert av Brænne Mineralvatn, Volda

# Torsdag 26. mai

20.00 Kulturhuset Banken, Lillehammer
**Festspel på festival: Det skjer på nynorsk**
Bergensdamene Gunnhild Øyehaug og Olaug Nilssen på lag med språkmeinaren Sylfest Lomheim i samtale med Magnhild Bruheim
I samarbeid med Norsk Litteraturfestival 2005, Lillehammer

# Fredag 10. juni

**45 000 festspelaviser er her!**
Istikk i heile opplaget til Sunnmørsposten, distribusjon til butikkar og andre møteplassar på Sunnmøre, og vidare spreiing

# Onsdag 29. juni

10.00 Ivar Aasen-bautaen, Ørsta
**Blomar ved bauta: Ivar Aasen-statuen**
Direktør Ottar Grepstad

10.00 Kafeen, Ivar Aasen-tunet
**Filial av festspelutstillinga**
Ti grafiske blad av Per Kleiva
Salsutstilling til og med 4. juli

17.30 Nyesalen, Volda samfunnshus
**Festspelutstillinga 2005**
Salsutstilling med kunstverk av Per Kleiva
Utstillingsopning ved fylkeskulturutvalsleiar Frøydis Austigard, Møre og Romsdal fylke
I samarbeid med Volda kunstlag
Utstillinga står til og med 6. juli
Gratis opningsdagen, elles kr 30 – gratis for barn og medlemmer av Volda kunstlag

19.00 Salen, Ivar Aasen-tunet
**OPNINGSHØGTID MED FEMÅRSJUBILEUM**
Til inngang; filmglimt frå dei fem første åra i det nye Ivar Aasen-tunet og det eldste norske personmuseet
Programleiar Christel Siem

- Gruppa Røyst
- Opningstekst ved festspeldiktar Edvard Hoem
- Opningstale ved statsråd Valgerd Svarstad Haugland
- Statsråd Valgerd Svarstad Haugland deler ut prisen Årets nynorskbrukar 2005
- Til ære for prisvinnaren: Cecilie Maria Giskemo (song) ogh Tore Hovde (gitar) framfører "Stolpesko"
- "Fang sommarens ange i natt" – allsong med Åmdalskoret som songleiar

**Når eit anna språk blir til nynorsk og nynorsk blir til svensk**
Tove Bakke har omsett Anna Gavalda frå fransk, Lars Andersson har omsett Edvard Hoem til svensk, og Johannes Gjerdåker har omsett Sadegh Hedajats frå persisk. Journalist Jan H. Landro samtalar med omsetjarane og publikum får høyre høgdepunkt frå tekstane
Kr 150 (fellesbillett til opningshøgtid og "Fire røyster" kr 230)

Alle går ut og bort til Ivar Aasen-bautaen

20.45 Gamletunet, Ivar Aasen-tunet
**Blomar ved bauta: Ivar Aasen-bautaen**
Festspeldiktaren Edvard Hoem
"Gamle grendi" – Åmdalskoret leiar allsongen
Gratis

20.45–24.00 Kafeen og Jostein Nerbøvik-plassen, Ivar Aasen-tunet
**Festspelkafé med alle rettar**

21.00–21.30 Butikken, Ivar Aasen-tunet
**Signering av festspelplakat**
Edvard Hoem og Per Kleiva signerer dei festspelplakatane som er att
Eksklusivt opplag kr 300

21.30-22.30 Uteamfiet, Ivar Aasen-tunet
**Fire røyster**
Konsert med jazz- og folkemusikkgruppa Røyst
Kari Nergaard Bleivik, Cecilie Giskemo, Maria Jardardottir og Therese Ulvan leikar mellom anna med tekstar av Edvard Hoem og Ivar Aasen
Kr 120 (fellesbillett til opningshøgtid og "Fire røyster" kr 230)

# Torsdag 30. juni

10.00–13.00 Utescena, Ivar Aasen-tunet
**Tigerand**
Born i alle aldrar er velkomne til å lage si eiga tigerand i tre med gule og svarte striper under rettleiing av Arne Ola Grimstad
Borna tek med tigerendene til framsyninga i Salen
Ansiktsmåling, tigerpølse, måling av den store tigeren
Kr 50 inkl. barnetime
Kr 150 inkl. barnetime for familiar

10.00–10.45 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Barnetime med Janosch**
Hildegunn Riise les frå Janosch-boka "Med tigeren og bjørnen til Panama", omsett av Hanna Midtbø, og ein episode frå serien i NRK Barne-tv blir vist på storskjermen
Ta med tigerendene som de laga tidlegare i dag!
Pris inkl. i "Tigerand"
ETTER PROGRAMMET: Kåring av gjest nr. 100 000

11.00–11.45 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Barnetime med Janosch**
Hildegunn Riise les frå Janosch-boka "Med tigeren og bjørnen til Panama", omsett av Hanna Midtbø, og ein episode frå serien i NRK Barne-tv blir vist på storskjermen
Ta med tigerendene som de laga tidlegare i dag!
Pris inkl. i "Tigerand"

11.00–12.00 Kafé Fru Svendsen, Ørsta
**Dei mange røystene blir til nynorsk**
Omsetjarane Tove Bakke og Johannes Gjerdåker les gjendiktingar frå alle verdsdelar og samtalar med Jan H. Landro
Kr 50

12.00–15.00 Fora Form, Ørsta
**Å vere liten: Nyskaping og endring i småbedrifter**
Forlagsdirektør Nina Refseth frå Det Norske Samlaget, direktør Gunnar Hareide frå Fora Form, direktør Kristian Sætre i Scana Volda og andre småbedriftsleiarar møtest til høgttenkingsseminar
Kr 100

13.00–14.00 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Snøhetta i Sverre Fehn sine rammer**
Foredrag av Kjartan Fløgstad om ulike arkitektoniske røyster
Kr 100

14.00–14.15 Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet
**Festspeldiktaren Edvard Hoem**
Opning av temautstilling ved direktør Ottar Grepstad
Hildegunn Riise (song) og Ivar Anton Waagaard (piano)
Gratis utstillingsopning, elles inkl. i billett til basisutstillinga
Utstillinga står til og med 15. august

14.30–16.00 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Nynorsk som scenespråk**
Dramatikar Maria Tryti Vennerød, dramaturg Ola E. Bø og festspeldiktar Edvard Hoem samtalar med teatersjef Terje Lyngstad
Kr 100

1700–1830 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Røyster frå nordvest i 1905**
Lokal- og regionhistoriske perspektiv på unionsoppløysinga
Jens Johan Hyvik: Lokale røyster i 1905
Mads Langnes: Romsdals- og sunnmørsavisene i 1905
Aud Mikkelsen Tretvik: Lokal og regional historie som viktige ledd i nasjonsbygginga
Kr 80

17.00–18.45 Sæbø ferjekai
**Fjordtur på Hjørundfjorden med "Rødhette"**
19.00–21.00
**Kulturkveld på Rise**
Hjørundfjord kulturvernlag inviterer til kulturkveld på Rise, garden som blei utsletta av storfonna vinteren 1968
Knut Rise og Jarle Walseth fortel
Arrangør: Hjørundfjord kulturvernlag
Kr 200 (fellesbillett for fjordtur og kulturkveld kr 250)
19.30–21.00 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Skarrring i rrrrøysta**
Ein uhøgtidleg time om skarre-r, lyden som breier seg nordover Vestlandet
Innlegg ved Arne Torp, kommentarar frå Sylfest Lomheim
Hildegunn Riise (song) og Ivar Anton Waagard (flygel)
Kr 120 / 100

23.00 Dirty Nelly, Volda
**Elvis er ein nynorskmann**
Platekåseri ved Stig Elvis Furset
Festspelkro utover natta
Kr 50

# Fredag 1. juli

08.45 NRK P2 Kulturbeitet – på direkten
**Dei nynorske golfspela 2005: dei beste golforda**
Kåring av dei beste framlegga til golford på nynorsk
Jury: Ottar Grepstad (Nynorsk kultursentrum, juryleiar), Jan Gundersen (Volda Golfklubb), Halvor Kleppen (Norsk Golf) og Ålov Runde (Norsk språkråd)
I samarbeid med NRK

11.00–12.00 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Ivar Aasen-minneforedraget 2005**
Kunstnarleg innslag ved Hildegunn Riise (song) og Ivar Anton Waagard (piano)
Jorid Hovden: Idrettens kjønnspolitikk – spor og utfordringar i eit mannsdominert landskap
Kr 80

13.00–17.00 Oppmøte ved uteamfiet i Ivar Aasen-tunet
**Ein tur i Friluftsåret 2005**
Bli med på tur til eitt av turmåla på Sunnmøre i Friluftsåret
Gratis

13.00-14.30 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Historia i romanen**
Lars Andersson og Edvard Hoem les frå bøkene sine og samtalar med journalist Jan H. Landro
Kr 50

15.00–16.15 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Forfattaren Edvard Hoem: tre om ein**
Litteraturvitaren Kristian Lykkeslett Strømskag, forfattaren Lars Amund Vaage og kulturredaktør Marte Stubberød Eielsen i Klassekampen fortel om sine bilete av festspeldiktaren i samtale med journalist Jon Hustad
Kr 100

16.00–22.30 Golfbanen i Vassbotn, Volda
**Dei nynorske golfspela 2005: innleiande runde**
Open turnering for medlemmer av golfklubbar
Plass til inntil 36 personar

Opningsslag ved ordførar Ragnhild Aarflot Kalland
Startavgift kr 100 + grasav gift kr 150
Arrangør: Volda Golfklubb

17.00–19.00 "Hindholmen", ferjekaia i Volda
**Vi går om bord med kvinner og lyrikk**
Lyrikkdebutant av året, Hilde Myklebust, og lyrikaren Hildegunn Dale les dikt ved kai (grunna motorhavari)
Spelemann og trekkspelar Morten Bollerud spelar musikk som passar til
Plass til 60 gjester
Kr 150
I samarbeid med Volda Mållag og Hindholmens venneforeining

20.00–02.00 Volda bygdetun
**FESTKVELD PÅ FESTSPEL**
Programleiar: forfattar og visesongar Emil Jenssen frå Sverige
20.00–20.30 Den gamle postbua
**Hundre postkort frå 1905**
Henny Jonette Sætre og Ivar Ulvestad viser korta sine
Utstillingsopning ved Gunnar Andenes, dagleg leiar Volda bygdetun
20.30–21.15 Løa
**Vår svenske og norske viseskatt**
Historikar Nils Zandhers frå Laholm, Volda og Ørsta sin vennskapskommune i Sverige, held eit kulturhistorisk kåseri om hundre år utan union, og Emil Jenssen leier allsongen
21.15–22.00 Utescena
**Edvard Hoem og Henning Sommerro**
Hoem les frå den komande romanen *Mors og fars historie*, og andre tekstar
Henning Sommerro spelar og syng eigne melodiar til tekstar av Edvard Hoem
22.30–23.15 Utescena
**Prøysen og Taube på spansk**
Katia Cardenal saman med Volda vokal
23.30–00.30
**Dei mange røystene – Hopalong Knut**
Sju menn og to damer byr på liv og overraskingar med hjelp av variert musikk og mange instrument!
I samarbeid med Foreningen Norden
Kr 200 for heile kvelden, kr 100 berre for Hopalong Knut

# Laurdag 2. juli

10.00–11.00 Volda sentrum
**Festspelfrukost**
I samarbeid med Volda handelsforeining og Volda kommune
Gratis

10.30–12.00 Ørsta sentrum
**Festspelfrukost**
I samarbeid med Ørsta sentrumsforeining
Gratis

10.00–14.30 Golfbanen i Vassbotn, Volda
**Dei nynorske golfspela 2005: finale**
Arrangør: Volda Golfklubb

10.00–15.00 Ørsta sentrum
**Bondens Marknad**
I samarbeid med Ørsta sentrumsforeining
Gratis

11.00–15.00 Volda sentrum
**Fjordmannadag**
11.00 Nils Zandhers: "Svenske fiskarar i norske farvatn"
11.30 Jazz i sentrum: Ine Kristine Hoem band med Stian Larsen (gitar), André Roligheten (saksofon) og Jon Rune Strøm (bass)
I samarbeid med Volda handelsforeining og Volda kommune
Gratis

13.00–14.00 www.aasentunet.no
**På nett med festspeldiktaren**
Edvard Hoem svarar på spørsmål frå lesarar og andre interesserte på Internett

14.00–15.15 Kafé Fru Svendsen, Ørsta
**Lunsj på bokkafé med den nye røysta**
Prosadebutant Lars Ove Seljestad i samtale med journalist Jan H. Landro
Riksfondet for nynorsk presse v/Erling Lægreid deler ut Vinjeprisen 2005
I samarbeid med Ørsta Mållag
Kr 50

15.15–15.45 Torget, Volda sentrum
**Dei nynorske golfspela 2005: premieutdeling**
Kåring av turneringsvinnarar og av dei beste nye golforda på nynorsk
Halvor Kleppen kåserer om det nye golfspråket

16.00–16.45 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Lyriaka**
Kor frå Volda og Ørsta korskule
Øyvind Gravdal og Petter Moen frå TV Junior på TV2, med Øyvind Fossheim på keyboard
I kafeen: utstilling av barna sine eigne tekstar
Kr 100 / 50 (familie kr 200)

17.00–18.30 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Unge røyster, nye tekstar**
Kåring av vinnarane i skrivetevlinga 2005
Arnfinn Kolerud og Hilde Myklebust les nokre av vinnartekstane, og eigne tekstar
Arrangør: Volda Mållag og Ørsta Mållag
Gratis

18.00-22.00 Rekkedal Gjestehus, Bondalen
**Kje som gourmétmat**
Matrettar av kje etter lokale tradisjonar med italiensk vin som passar til
Kulturelt innslag ved Håkon Paulsberg (song og gitar)
Vertskap: Margrethe og Bjarne Rekkedal
Arrangør: Rekkedal Gjestehus
Kr 350 + drikke

20.00–21.45 "Kvernes", Volda ferjekai
**Kjærleikens ferjejazz Volda–Ørsta**
Edvard Hoem byr på smakebitar frå eit langt forfattarliv
Ferjejazz med Ine Kristine Hoem (vokal), Stian Larsen (gitar), André Roligheten (saksofon) og Jon Rune Strøm (bass)
Lars Ove Seljestad les frå debutantboka *Blind*
Servering av fiskesuppe og blankt i glas
Kr 180 (fellesbillett Ferjejazz og Sommarkveld kr 350)

20.00–02.00 Rust club og scene, Ørsta
**SOMMARKVELD PÅ KAIA**
20.00–22.00 Ute
**Klypa**
Einmannsrevy med Thomas Ryste
22.00–23.15 Inne
**Poesislam**
Jon Hjørnevik og Emil Jensen
22.15–23.15 Ute
**Eriksen**
Søskenparet Rita og Frank Eriksen med musikar gjev oss ein spesialkonsert med songar av mellom andre Alf Prøysen, Erik Bye, Kolbein Falkeid og Ivar Aasen
23.30–00.30 Inne
**To om to: Prøysen og Vreeswijk i same båt**
Jan Erik Vold (tekstar og kåseri) og Håkon Paulsberg (song og gitar)
23.30–02.00
**DJ inne og dans ute**
I samarbeid med Rust club og scene
Kr 200 (fellesbillett Ferjejazz og Sommarkveld kr 350)

# Søndag 3. juli

12.00–13.00 Uteamfiet, Ivar Aasen-tunet
**Friluftsgudsteneste**
Liturgi ved Matias Austrheim
Preike ved dr. theol. Gunvor Lande
Tekstlesing ved Edvard Hoem
Salmar av blant andre Edvard Hoem
Song ved Heidi Gjermundsen Broch
Ørsta kyrkjekjor dirigert av Roar Goksøyr Lillebø
Arrangørar: Ørsta sokneråd og Volda sokneråd

13.15– Kafeen og Jostein Nerbøvik-plassen
**Kyrkjekaffi med varme rettar og gode kaker**

14.00–15.30 Salen, Ivar Aasen-tunet
**Blir det nye bibelspråket for nytt?**
Språkdirektør Sylfest Lomheim, gjendiktar Johannes Gjerdåker og ungdomsprest Margit Holte i samtale med Per Halse
Kr 100

16.00–17.30 Uteamfiet, Ivar Aasen-tunet
**Ivar Aasen-stemnet 2005**
Programleiar Ottar Grepstad
Allsong
"Ivar Aasen og menneskespråket 2005".
Stemnetale ved språkdirektør Sylfest Lomheim
"No kallar sol og sommarvind – songar og dikt frå eit langt diktarliv". Edvard Hoem (tekstar), Heidi Gjermundsen Broch (song) og Anders Brunsvik (piano)
Kr 150 / 120

# Djupedal-samlinga

Kulturhistorikaren, språkforskaren og Aasen-kjennaren Reidar Djupedal (1921-89) testamenterte den omfattande boksamlinga si til Ivar Aasen-tunet. Kring 1990 rekna ein med at samlinga inneheldt rundt 14 000 band, men vår eiga registrering viser at samlinga er vesentleg større. Pr. 1.10.2005 var rundt 19 400 band registrerte, i tillegg kjem vel 15 200 uregistrerte band, til saman 34 600 band. Samlinga inneheld bøker, periodika, småtrykk og særprent innan ulike fagområde, men med vekt på språk- og litteraturvitskap, og på i alle fall 15 ulike språk; hovudsakleg norsk, dansk, svensk, islandsk, færøysk og frisisk.

**1. Registrering 2002-2003**
I 2002 og våren 2003 blei særprent, småtrykk og periodika registrerte i Excel, og sortert i hyller i arkivmagasinet. Tala for denne registreringa finst i tabellane nedanfor.

**2. Registrering 2003-2005**
I planperioden har denne samlinga hatt førsteprioritet for registrering. Målet er at så mykje som mogeleg av samlinga skal registrerast i BIBSYS-basen.

I 1993-1994 blei 11 106 titlar registrerte i ein database, som omfattar både bøker og periodika i samlinga. I 2002 fekk vi endeleg tilgjenge til databasen. Diverre er kvaliteten på registreringsarbeidet ikkje godt nok til at postane utan omarbeiding kan overførast til BIBSYS, og det blei hausten 2002 bestemt at Djupedal-basen ikkje skal overførast til BIBSYS-basen fordi ein uansett får arbeidet med klassifikasjon og emneordsetjing på dei enkelte titlane når ein skal registrere titlane. Djupedal-basen fungerte fram til august 2003 som ei intern bokliste.

I *Søknad om statstilskot 2004* søkte vi om kr 300 000 i 2004 og kr 300 000 i 2005 som ekstraordinære eingongstiltak for registrerings av Djupedal-samlinga, men vi fekk ikkje noko ekstratilskot til dette. I desember 2002 søkte vi om kr 906 000 frå Norsk kulturråd for å tilsetje ein bibliotekar i eit treårig prosjekt for registrering av Djupedal-samlinga. 28.3.2003 fekk vi tildelingsbrev frå kulturrådet på kr 450 000 fordelt på tre år frå 2003 til 2005.

På grunnlag av tilskotet frå Norsk kulturråd blei det bestemt å utlyse stilling som bibliotekar i eit 2-årig prosjekt for registrering av Djupedal-samlinga. Den to-årige prosjektperioden var frå 11.8.2003-30.9.2005. Kristin Husøy tok til i prosjektstillinga 11.8.2003 og arbeidde fram til 1.9.2004. Erik Aaslid arbeidde i prosjektet frå 1.9.2004 og til prosjektperioden si avslutning 30.9.2005. Norsk kulturråd får tilsendt rapport i november 2005. Det vil også bli utarbeidd ein

detaljert rapport til internt bruk. Vi nøyer oss difor med ei kortare oppsummering i denne planen.

## 3. Statistikk

**Registrerte titlar ved utgangen av prosjektperioden**

| | 2002 | **1.1.2003** | 2003 | **1.1.2004** | 2004 | **1.1.2005** | 2005 | **30.9.2005** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Djupedal-monografiar (titlar i BIBSYS) | 0 | 0 | 1072 | 1072 | 4039 | 5111 | 2454 | 7565 |
| Djupedal-særprent og småtrykk (titlar i Excel - eiga samling) | 1903 | 1903 | 381 | 2284 | 2 | 2286 | 1 | 2287 |
| Djupedal-periodika (titlar i Excel – eiga samling) | 324 | 324 | 6 | 330 | 10 | 340 | 0 | 340 |
| **TOTALT** | 2227 | **2227** | 1459 | **3686** | 4051 | **7737** | 2455 | **10192** |

Det har totalt blitt registrert **7565 monografititlar** i BIBSYS frå 2003-2005, av desse blei 1072 titlar registrerte i 2003, 4039 i 2004 og 2454 i 2005.

**Registrerte band* ved utgangen av prosjektperioden**

| | 2002 | **1.1.2003** | 2003 | **1.1.2004** | 2004 | **1.1.2005** | 2005 | **30.9.2005** |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Djupedal-monografiar (band i BIBSYS) | 0 | 0 | 1176 | 1176 | 4542 | 5718 | 2847 | 8565 |
| Djupedal-monogr. (f.o.m. 3. ex av reg. ex: merka, står i mag.) | 0 | 0 | 100 | 100 | 254 | 354 | 75 | 429 |
| Djupedal-særprent og småtrykk (band i Excel) | 6164 | 6164 | 381 | 6545 | 0 | 6545 | 0 | 6545 |
| Djupedal-periodika (band i Excel)** | 3721 | 3721 | 0 | 3721 | 105 | 3826 | 0 | 3826 |
| **TOTALT** | 9885 | **9885** | 1657 | **11542** | 4901 | **16443** | **2922** | **19365** |

* Band = fysiske einingar

** Tal på band manglar for 2003

Det har totalt blitt registrert **8994 band** i BIBSYS frå 2003 til 2005. 1176 blei registrerte i 2003, 4542 i 2004 og 2847 i 2005. Statistikken er henta ut frå BIBSYS kvar månad, og vi har i tillegg ført manuell statistikk ved sidan av.

## 4. Plan for registreringsarbeidet

Bibliotekleiaren har hatt det faglege og overordna ansvaret for registreringsarbeidet i samråd med bibliotekaren i prosjektstillinga. Vi har prioritert å registrere desse typane skrifter:

1. Faglitteratur
2. Skjønnlitteratur
3. Periodika
4. Særprent og småtrykk

Faglitteraturen utgjer 80 % av Djupedal-samlinga, og det er også hovudsakleg denne delen av samlinga som har blitt registrert i prosjektperioden.

## 5. Generelt om registreringa

Det blei tidleg bestemt at Djupedal-samlinga ikkje skal vere ei eiga samling i bibliotek og magasin, men ho utgjer grunnstamma for den totale samlinga av bøker og periodika. Særprent og småtrykk vil halde fram med å vere ei eiga samling. For å

likevel vise at bøkene tilhøyrer ei spesiell samling har alle bøker og anna materiale i Djupedal-samlinga har fått ein eigen ex libris-etikett på innsida av omslaget med følgjande tekst:

Nynorsk kultursentrum
Biblioteket i Ivar Aasen-tunet
6160 Hovdebygda
**Djupedal-samlinga**

For å merke titlane i BIBSYS har vi lagt inn ein lokal klassifikasjonskode på kvar tittel – "Djupedal". Denne koden er ikkje synleg for brukarar av BIBSYS, men er nyttig for spesifikt å søke fram bøker frå samlinga., t.d. kan ein søke på "Djupedal" og "norsk språk" for å sjå kor mange titlar som finst i samlinga om dette emnet. Vi har valt å ikkje gjere det synleg i eksemplarinformasjonen i BIBSYS at titlane tilhøyrer Djupedal-samlinga fordi dette vil gi ein uryddig eksemplarinformasjon. Sidan bøkene i Djupedal-samlinga etter ønskje frå Reidar Djupedal sjølv og familien ikkje skal vere til utlån, har alle Djupedal-eksemplar i BIBSYS ein merknad om "Ikkje utlån". Ein typisk BIBSYS-post med eit Djupedal-eksemplar ser slik ut:

```
Naadland, Jakob
   Noreg er namnet : ei ny utgreiding um namnet på landet vårt / Jakob
 Naadland ; [utgjeve av Noregs mållag]. - Oslo : Norsk prent, 1954. - 95 s.
 1  01wb00176 - kat 2003-11-03 AASENTUN 439.822 Naa
 2  03wb01106 - kat 2003-11-03 AASENTUN Mag 439.822 Naa eks. 2 <Ikkje utlån>
 --AASENTUN-klassifikasjon---------------------------------------------------
 Dewey  439.822
 LOK-KL Djupedal
--Fellesdata 691------------------------------------------------------------
 FRIE   stedsnavn nasjonsnavn norge polemikk navn noreg stadnamn
```

Eksemplar 1 er hadde vi frå før, eksemplar 2 er eit Djupedal-eksemplar. Feltet "Fellesdata 691" er felles for alle BIBSYS-biblioteka. Her finn ein nøkkelord/emneord for tittelen.Vi skriv inn våre emneord på nynorsk.

Generelt for både faglitteratur og skjønnlitteratur gjeld det at bøker utgitt i eller før 1920 og skadde bøker er plasserte i arkivmagasinet, medan bøker etter 1920 står i biblioteket. Årstalet 1920 var litt tilfeldig valt, men sidan Tarjei Vesaas debuterte i 1923, fann vi ut at alle hans bøker ville stå i biblioteket, dersom vi valde 1920.

Fleire av titlane har vi i ulike utgåver og i fleire eksemplar. Berre 2 eksemplar av kvar tittel/utgåve har blitt katalogiserte i BIBSYS, eitt står i biblioteket og eitt i magasinet. Som regel står berre siste utgåva av ein tittel i biblioteket, medan dei eldre utgåvene står i magasinet. Der vi har hatt eksemplar utanom Djupedal-samlinga, har vi plassert eksemplar som kan lånast ut i biblioteket. Der det er meir enn to eksemplar av ein tittel har vi merka dei andre eksemplara med rett oppstillingssignatur og plassert dei i magasinet inntil vidare.

Før vi hadde kome eit stykke på veg med registreringa vår det vanskeleg å vite kor mange titlar og eksemplar det ville vere innanfor dei ulike fagområda. Vi

har som ein generell regel tenkt at bøker som er lite relevante for det vi arbeider med blir plasserte i magasinet. Dersom vi i ettertid ser at bibliotekbøker heller bør stå i magasin, kan dei lett merkast om og flyttast til magasin.

Reidar Djupedal hadde faglitteratur innanfor dei fleste fagområde, mest innanfor språkvitskap og litteraturhistorie, men også pedagogikk, filosofi, religion, folkeminne og historie. Nokre av desse fagområda vil naturleg nok ikkje bli supplert med nyare litteratur fordi det ikkje er fagområde vi arbeider med. Der det er naturleg vil vi sjølvsagt kjøpe bøker frå antikvariat o.l. for å tette hol i samlingane, både når det gjeld skjønn- og faglitteratur.

**6. Faglitteratur**

Vi registrerte først bøker innanfor språkvitskap og litteraturvitskap, m.a. fordi dette er dei fagområda vi har mest bruk for sjølv. Desse to gruppene er så omfattande at vi har prøvd å dele dei mellom bibliotek og magasin, litt etter ”1920-regelen” vår og litt etter kva vi meiner er naturleg å ha tilgjengeleg ute i biblioteket. Vi har også registrert dei andre fagområda, hovudsakleg pedagogikk, filosofi, religion, folkeminne, historie og lokalhistorisk litteratur frå heile landet. Dei mest relevante bibliografiane og biografiane i samlinga er også registrert. Ein del eldre og nokre nyare lærebøker for grunnskulen og vidaregåande skule er registrert som ei eiga samling og plassert i magasinet.

**7. Skjønnlitteratur**

Vi ordna skjønnlitteraturen etter alfabetet og plasserte bøkene i bokveggen. Bøker på bokmål, svensk, dansk, engelsk, tysk og andre språk blei plasserte kvar for seg i øvste halvdelen av bokveggen. I nedste delen av bokveggen sette vi skjønnlitteratur på nynorsk.

**8. Periodika**

Rundt 350 titlar blei registrerte i Excel i 2002 og 2003, og har ikkje vore prioritert registrert i BIBSYS i prosjektperioden. Nokre skriftseriar har i samband med registrering av faglitteratur blitt registrerte i BIBSYS.

**9. Særprent og småtrykk**

2286 titlar blei registrerte i Excel i 2002 og 2003, og er delte i to samlingar; dei som er skrivne av Djupedal og dei som er skrivne av andre. Nokre få titlar har blitt lagt til i Excel-skjemaet, dersom ein har kome over dei i samband med registreringa av faglitteraturen.

**10. Ikkje registrert i BIBSYS pr. november 2005**

- Skjønnlitteratur som omfattar rundt 2200 band nynorsktitlar, 1000 band av litteratur på bokmål og andre språk i biblioteket og rundt 1000 band totalt i magasinet. I desse tala er også bøker frå Samlagsgåva
- Island-/Færøyane-/Grønlandslitteratur; både skjønn- og faglitteratur og noko periodika. Er plassert i bokveggen i biblioteket og omfattar rundt 1300 band

- Frisisk faglitteratur står i bokveggen og omfattar rundt 90 band
- Biografiar er ordna etter omtalt person, plassert i magasinet og omfattar 400 band. Vi har tidlegare plukka ut og registrert dei som er interessante for oss.
- Bibliografiar. Vi har tidlegare plukka ut og registrert dei som er mest nyttige for oss. Rundt 100 band er ordna alfabetisk og står i magasinet.
- Særprent og småtrykk av Djupedal og andre utgjer 2286 titlar og 6545 band, som blei registrert i Excel i 2002 og 2003. Står i magasinet.
- Periodika i magasin frå Djupedal-samlinga utgjer 350 titlar. I tillegg kjem 65 titlar (nokre finst også i eldre årgangar i Djupedal) som vi har i abonnement frå 2000. Nokre få titlar er registrerte i BIBSYS, men dette er stort sett dei vi starta abonnement på i 2000. Periodikasamlinga i magasinet omfattar vel 50 hyllemeter og rundt rekna 2500 band.
- Ymse faglitteratur i kategorien "problematisk å katalogisere" står i magasinet og utgjer rundt 100 titlar.

Sjølv om talet på band ikkje er eksakt, får vi likevel ein peikepinn om mengda når det samla talet på uregistrerte band i BIBSYS blir 15 235.



**Framsida**
Praktikantkull nr. 2 frå Nynorsk mediesenter på studietur i Ivar Aasen-tunet 2. februar 2005. Frå venstre: Solveig Hareide, Birthe Njøsen Horne, Ivar Aasen, Janne-Marit Myklebust, Eli Vaage og Ingebjørg Bø (foto Synnøve Hole)

**Baksida**
Augusta Finne: *Ivar Aasen*, byste i bronse, 46 cm høg, signert februar 1896, vist første gongen på Statens kunstutstilling i mars 1896, ny avstøyping frå gipsoriginal 2003. (Basisutstillinga, Ivar Aasen-tunet, foto Jon Grepstad)